



Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Teams
Dato:	11.05.2026
Tidspunkt:	11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

ST 14/2026 Orienteringar

Orientering frå **Tafjord Kraft** på teams:

- Orientering om minstevassføring og vannuttak/ankring tankskip ved Muldalen, Torsvatnet og pumpestasjon ved Fetegga.

Orientering frå forvaltarar og styreleiar:

- **Slettvikane** – garasje og ny rasteplass jf. e-post frå Terese med vedlegg.
- **Nye byggesaker** t.o. – flytting og ny Sagabu ved Torsvatnet, restaurering (riving kontra restaurering) og privat hytte ved Honnsjoen
- **Finndalen** - Ref. frå oppstartmøte Finndalen 19.mars, vidare oppfølging.
- **Billingen** – kva skjer 2026, utsiktspunkt jf. Ref. frå Arbeidsgruppa 29.04.
- **Rovvilt** - skadefelling og lisensfelling - behandling etter verneforskrift i beitesesongen 2026 – nye tilbakemeldinger frå Miljødirektoratet.
- **Reinheimen 20 år i 2026!** – Skal vi markere 20 år med vern, med fokus på det som er positivt med vernet? I så fall aktuelt til høsten, da vi er seint ute med planlegging.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 13/2026	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 14/2026	Orienteringar		
ST 15/2026	Referatsaker		
	Vedtak - høring - dispensasjon fra båndtvang etter hundeloven - 2026 - hundetrening og jaktprøve - Slådalsvegen - Lesja og Dovre Fuglehundskole		2026/3195
ST 16/2026	Delegerte saker		
DS 26/2026	Delegert sak - Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2030 - barmark - transport av nødvendig proviant og materialer langs Gamle Muldalsvegen - Tafjordsæter - Lars Petter Tafjord		2024/8199
DS 27/2026	Delegert sak - Ottadalen LVO - Lom 159/1/19 - Honnsjoen - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - Anita Lund - Syver Flatmo		2026/1969
DS 28/2026	Delegert sak - Romsdalen LVO - Rauma - Vermedalen - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - Sigri Spjelkavik		2026/2769
DS 29/2026	Delegert sak - Reinheimen NP - Skjåk - Leirungsvatnet - 2026 - bytte ut båt - Skjåk Jeger og Fiskarlag		2026/3869
DS 30/2026	Delegert sak - Ottadalen LVO - Skjåk - Kroketetjern - motorferdsel - 2026 - snøskuter - transport av damluke - Kroketetjern vasslag		2026/2886
DS 31/2026	Delegert sak - Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2030 - ATV - Kjell Vad		2026/1740
DS 32/2026	Delegert vedtak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Skjåk - Lom - Rååbue - Døktabue - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - utkjøring av saltstein - Finndalen beite- og bruksrettslag		2026/3916
DS 33/2026	Vedtak - utvidet tidsramme - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Lordalen LVO - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snøskuter - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA		2025/10780
DS 34/2026	Reinheimen NP - Ottadalen LVO - endring i vilkår kulepunkt.2 - motorferdsel - 2026 - 2027 - snødekt mark - transport til naust ved Leirungsvatnet - Magne Frisvold		2024/2630
DS 35/2026	Delegert sak - Lordalen LVO - Lesja - Lordalsvegen 1987 - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - Bjørn Amund Enebo		2026/2325

DS 36/2026	Delegert vedtak - Reinheimen NP - Fjord - Ostehytta - motorferdsel - 2026 - helikopter - byggevarer til nødvendig vedlikehold av hytte - Torkjell Bjørstad	2026/1371
DS 37/2026	Delegert sak - ekstraturer - 2026 - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Rauma - Ulvådalsvatnet - motorferdsel - 2025 - 2026 - snøskuter - bil - motorbåt - Olov Belander - Cathrine Reimers	2024/13417
DS 38/2026	Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2030 - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost	2026/1890
DS 39/2026	Delegert sak - Ottadalen LVO - Honnsjoen - motorferdsel - 2026 - 2027 - snøskuter - restaurering av fiskebu - Håkon Øverli	2026/3285
DS 40/2026	Delegert vedtak - Ottadalen LVO - Lom - Liafjellet - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - utkjøring av saltstein - Lia beitelag	2026/3282
DS 41/2026	Delegert sak - Reinheimen NP - Skjåk - Dørvatnet - motorferdsel - 2026 - snøskuter - Seth Fallingen	2026/3507
ST 17/2026	Klage - Lordalen LVO - Lesja 157/1/36 - Bjøknesetra - byggetiltak - 2026 - oppføring av scene - Anne Karin Riise	2026/1741
ST 18/2026	Høring - Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen	2024/13634
ST 19/2026	Trollstigen LVO - Kjelstadlinja - Grustaksvingen - fylkesveg 63 - 2026 - etablering av radaranlegg - Møre og Romsdal fylkeskommune	2026/4127
ST 20/2026	Finndalen LVO - nydyrking - 201/1/4 - 2026 - Audun Bråten	2026/4361
ST 21/2026	Reinheimen NP - Fjord - Langvatnet - byggetiltak og motorferdsel - 2026 - helikopter - oppsetting av utedo - Norddal fjellstyre - Langfjellet hyttelag	2026/5015
ST 22/2026	Reinheimen NP - Styggeværskvila - organisert ferdsl - 2026 - utsetting av turposter - Fjellgeita i Skjåk IL	2026/2897

ST 13/2026 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 14/2026 Orienteringar

ST 15/2026 Referatsaker

Vedtak - høring - dispensasjon fra båndtvang etter hundeloven - 2026 - hundetrening og jaktprøve - Slådalsvegen - Lesja og Dovre Fuglehundskole

ST 16/2026 Delegerte saker

DS 26/2026 Delegert sak - Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2030 - barmark - transport av nødvendig proviant og materialer langs Gamle Muldalsvegen - Tafjordsæter - Lars Petter Tafjord 2024/8199

DS 27/2026 Delegert sak - Ottadalen LVO - Lom 159/1/19 - Honnsjoen - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - Anita Lund - Syver Flatmo 2026/1969

DS 28/2026 Delegert sak - Romsdalen LVO - Rauma - Vermedalen - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - Sigri Spjelkavik 2026/2769

DS 29/2026 Delegert sak - Reinheimen NP - Skjåk - Leirungsvatnet - 2026 - bytte ut båt - Skjåk Jeger og Fiskarlag 2026/3869

DS 30/2026 Delegert sak - Ottadalen LVO - Skjåk - Kroketetjern - motorferdsel - 2026 - snøskuter - transport av damluke - Kroketetjern vasslag 2026/2886

DS 31/2026 Delegert sak - Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2030 - ATV - Kjell Vad 2026/1740

DS 32/2026 Delegert vedtak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Skjåk - Lom - Råkabue - Døktabue - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - utkjøring av saltstein - Finndalen beite- og bruksrettslag 2026/3916

DS 33/2026 Vedtak - utvidet tidsramme - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - Lordalen LVO - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snøskuter - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA 2025/10780

DS 34/2026 Reinheimen NP - Ottadalen LVO - endring i vilkår kulepunkt.2 - motorferdsel - 2026 - 2027 - snødekt mark - transport til naust ved Leirungsvatnet - Magne Frisvold 2024/2630

DS 35/2026 Delegert sak - Lordalen LVO - Lesja - Lordalsvegen 1987 - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - Bjørn Amund Enebo 2026/2325

DS 36/2026 Delegert vedtak - Reinheimen NP - Fjord - Ostehytta - motorferdsel - 2026 - helikopter - byggevarer til nødvendig vedlikehold av hytte - Torkjell Bjørstad 2026/1371

DS 37/2026 Delegert sak - ekstraturer - 2026 - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - Rauma - Ulvådalsvatnet - motorferdsel - 2025 - 2026 - snøskuter - bil - motorbåt - Olov Belander - Cathrine Reimers 2024/13417

DS 38/2026 Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2030 - barmark - transport av ved og materialer - vedlikehold av veg - Sissel Rogne - Ola Myklebost 2026/1890

DS 39/2026 Delegert sak - Ottadalen LVO - Honnsjoen - motorferdsel - 2026 - 2027 - snøskuter - restaurering av fiskebu - Håkon Øverli 2026/3285

DS 40/2026 Delegert vedtak - Ottadalen LVO - Lom - Liafjellet - motorferdsel - 2026 - 2028 - snøskuter - utkjøring av saltstein - Lia beitelag 2026/3282

DS 41/2026 Delegert sak - Reinheimen NP - Skjåk - Dørvatnet - motorferdsel - 2026 - snøskuter - Seth Fallingen 2026/3507



Arkivsaksnummer: 2026/1741-8

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 04.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	17/2026	11.05.2026

Klage - Lordalen LVO - Lesja 157/1/36 - Bjøknesetra - byggetiltak - 2026 - oppføring av scene - Anne Karin Riise

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Anne Karin Riise til følge.

Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på sitt vedtak i styresak 8/2026, om avslag på søknad om oppføring av utescene med danseplattning og frittliggjande plattning på Bjøknesetra i Lordalen landskapsvernområde.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjerse.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Rapport frå Miljødirektoratet 16.10.2026 – brudd på verneforskriften - Lordalen LVO – ulovlig installasjon,
- Fråsegn – mogleg pålegg om retting - brot på verneforskrifta i Lordalen LVO, 12.01.2026
- Søknad om oppføring av utescene på Bjøknesetra, e-post frå Anne Karin Riise 30.01.2026
- Avslag på søknad om oppføring av utescene på Bjøknesetra – Nasjonalparkstyret for Reinheimen 13.03.2026, sak 8/2026
- Vedtak – avslag på søknad om utecene – Lesja fjellstyre 25.03.2026
- Klaga på vedtak i Nasjonalparkstyret for Reinheimen, sak 8/2026 – Anne Karin Riise 07.04.2026.

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

I vedtektene til Nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 6, står det følgjande om styrets arbeidsoppgaver når det gjelder klagebehandling:

«6.2 Forberedende klagesaksbehandling

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal behandle klager på sine vedtak som forberedende klageinstans etter forvaltningslovens bestemmelser. Nasjonalpark /verneområdestyret skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Dersom nasjonalpark-/verneområdestyret ikke finner grunn til å endre vedtaket som følge av klagen, skal saken oversendes klageinstansen.

Miljødirektoratet er klageinstans for vedtakene som fattes av styret, eller av forvalter og arbeidsutvalg på vegne av nasjonalpark-/verneområdestyret.

Når det klages på vedtak truffet av nasjonalpark-/verneområdestyret, må forberedende klagebehandling skje i nasjonalpark-/verneområdestyret før saken eventuelt endes over til Miljødirektoratet som klageinstans. Også for vedtak truffet av arbeidsutvalget eller forvalter etter delegert myndighet, skal forberedende klagebehandling skje i nasjonalpark-/verneområdestyret.

Ved oversendelse av klagen til Miljødirektoratet skal nasjonalpark-/verneområdestyret fremstille saken på en oversiktig måte og tilrettelegge grunnlaget for klageinstansens behandling. Kopi av alle sakens dokumenter skal vedlegges (kronologisk). Dersom forvalters innstilling fraviker nasjonalpark-/verneområdestyrets vedtak, skal dette fremgå av saksfremstillingen og møteprotokollen.»

Klagefrist og klagerett

Klaga frå Anne Karin Riise er datert og sendt på e-post 07.04.2026. Vedtaket i nasjonalparkstyret ble ekspedert på e-post 18.03.2026. Nasjonalparkstyret for Reinheimen Klaga frå Anne Karin Riise ble mottatt 07.04.2026, innafor klagefristen som er 3 veker, jf. forvaltningslova § 29.

Forvaltningsmyndigheita skal forberede klagebehandlingen og vurdere om klaga frå Anne Karin Riise gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. vedtekter og Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak). Nasjonalparkstyret for Reinheimen som har gjort vedtak i saka, skal "foreta de undersøkelser klagen gir grunnlag for", jf. forvaltningslova § 33 andre ledd. Dette kan til dømes vera at det er nødvendig å undersøke dei opplysningane som kjem fram i klaga, at det er nødvendig med synfaring osv.

Nasjonalparkstyret skal vurdere om klaga gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak. Dersom nokon er "motpart" i saka skal vedkommande varslast om klaga og få høve til å uttale seg.

Klage på vedtak i sak 8/2026, frå Anne Karin Rise:

Anne Karin Rise klager på avslag om å oppføre utescene på seterkvea på Bjøknesetra i Lordalen landskapsvernomrde.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknaden 13.03.2026 og gjorde slik samrøystes vedtak:

«Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Anne Kari Riise avslag på søknad om oppføring av utescene med danseplattning og frittliggjande plattning på Bjøknesetra i Lordalen landskapsvernområde.

Tiltaket er ikkje i samsvar med forvaltningsplanen for verneområdet og ein dispensasjon vil vera i strid med verneformålet som mellom anna er å ta vare på eit verdifult setermiljø.

Nasjonalparkstyret er positive til arrangement og tilleggsnæring på setra, men tiltaka må vera i trå med vernereglane og i samsvar med setermiljø og byggeskikken i Lordalen landskapsvernområde.»

Saksutgreiing og i sak 8/2026: <https://www.miljovedtak.no/VedtakSok/VisSak?sakid=62309>

Vurdering

Anne Karin Riise klagar på Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak om avslag på oppføring av utescene til bruk i samband med eit årleg arrangementet Bjøknesetra i Lordalen.

Anne Karin Rise skriv i klaga at arrangementet krever eit trygt og godt dansegolv av omsyn til HMS. I følgje klaga vil og ei scene føre til at dei tek betre vare på seterkvea og bygningane på setra, fordi dei på denne måten bruker setra aktivt og at den ikkje står til forfall.

Klager kan heller ikkje forstå at utescena ikkje passar inn i landskapet eller er skjemma da den ikkje er synleg for andre i området. Utviklinga på setrene har endra seg som elles i samfunnet, og klager meiner dersom setergrende skal bli brukt og tatt vare på, må dei kunne brukast etter dagens ynskjer om funksjonalitet og nye bruksområder. Utescena er i følgje vernereglane ikkje ein nødvendig bygning til jordbruks- og seterformål, jf. § 3, pkt. 1.3, b), og er behandla etter den generelle unntaksregelen i naturmangfaldlova §48, slik nasjonalparkstyret har gjort. Naturmangfaldlova § 48 set strenge krav til når dispensasjon kan gjevast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

I klaga er det og vist til at festivalen er eit lite arrangement som ikkje øydelegg for naturen eller går utover vegetasjon eller kulturminne som påverkar verneverdiane. Sjølv om arrangementet er relativt lite og utescena ikkje er så synleg for andre i området, så var vernemyndigheita kjent med omfanget da søknaden ble behandla. Avslaget er vurdert etter vernereglane der formålet med landskapsvernområdet mellom anna er å *ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapets eigenart.*

Ei utescene med platting er etter vernereglane ikkje i trå med den lokale byggeskikken, og forvaltningsplanen har ei retningsline om at bygging av terrasse, veranda og platting er framandelement i den lokale byggeskikken og skal ikkje vere tillate. Inngrepet vil derfor kunne påverke setermiljøet og landskapet det ligg i. Det vil særleg være tilfelle dersom dispensasjon vil kunne gje presedens. Dette betyr at ein ikkje skal vurdere tiltaket isolert, men også opp mot andre tiltak for å unngå ein bit-for-bit reduksjon av dei samla verneverdiane. I denne samanheng er det lagt vekt på at vedtaket vil skape uheldig presedensverknad. I Lordalen er det 5 seterstular med 29 setrar tilhøyrande seterbygningar og ein dispensasjon vil truleg kunne føre til ein uheldig presedensverknad. I Finndalen lvo er det 4 seterstuler og 32 setre med bygningsmasse. Ein utvikling av andre typer byggverk enn det som er nødvendig for jordbruks- og seterformål vil kunne føre til at det verdifulle setermiljøet i Lordalen endrar seg og får ein anna karakter, noko som vil vera i strid med verneformålet og kan ha ei negativ verknad på verneverdiane. Presedensverknad inngår også i vurdering av samla effekt etter Nml § 10.

I klaga viser Anne Karin Riise til at nasjonalparkstyret sitt avslag bygger på ei føresetnad om at tiltaket inneber eit varig landskapsinngrep, utan at det er vurdert om scena og plattingen er mellombelse og fullt reversible utan terrenginngrep. Nasjonalparkstyret hadde informasjon om at utescena var reversible når søknaden ble behandla 13.03.26. Men siden utescena var tung og bygd med solide materialer var det ikkje aktuelt å demontere den kvart år, men primært ha ei permanent plassering, eller alternativt for 3 år. Vurderinga i nasjonalparkstyret

byggjer på verneforskriften § 3.1.pkt. 1.1, der det står at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Dette omfattar m.a. oppføring av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretingar. Sjølv om tiltaket er reversibelt, vil frittstående utescene og platting på seterkvea representere eit framandelement som er uheldig for kulturlandskapet og i verkar negativt på verneverdiane i Lordalen.

I klaga går det fram at det er vurdert andre områder i Lordalen utanfor seterkvea til arrangementet. Klagar foreslår Kvannbekkmyra som er ein plass for festivalen da den er tilrettelagt for camping i dag. Eit nytt tiltak på Kvannbekkmyra er eit alternativ som fyrst må avklarast med grunneigar, og med fjellstyre som mellom anna disponerar plassen i dag. I tillegg er Kvannbekkmyre attraktivt for beitedyr som held arealet i hevd som naturbeitemark. Ei vurdering av å sette opp ny utescene på Kvannbekkmyre langs Lordalsvegen i Lordalen krev også avklaringer med andre myndigheiet, og må vurderast i ei eventuell ny sak.

Med bakgrunn i vernereglane og ei vurdering av samla påverknad av verneverdiar vil nasjonalparkforvaltar tilrå at nasjonalparkstyret for Reinheimen held fast på vedtak i sak 8/2026, behandla i styremøte 13.03.2026.

Fra: Riise, Anne Karin[anne-karin.riise@dovre.kommune.no]
Sendt: 07.04.2026 13:46:05
Til: Postmottak SFIN[sfinpost@statsforvalteren.no]
Kopi: Sørli, Kristine[kristine.sorlie@statsforvalteren.no];
Tittel: Klage på avslag på søknad om oppføring av scene på Bjøknesetra i Lordalen.
Arkivsaksnr. 2026/1741-2

5.3 2026 fekk vi avslag på søknad om å oppføre scene på seterkvea vår på Bjøknesetra i Lordalen fordi dette ikkje er i trå med vernereglar og byggeskikk i Lordalen. Dette er ei mobil scene som kan takast ned etter behov, men sidan ho er så tung søkte vi om dispensasjon for å ha ho ståande 3 år. Scena er i samband med ein festival vi har kvart år på vår eiga seter, og for å få gjennomført denne med levande musikk må vi ha scene. Vi må også ha trygt og godt dansegolv (HMS). Her finn de meir informasjon i søknaden. Dette gjer at vi tek vare på seterkvea vår på ein anna måte enn om vi ikkje hadde denne festivalen. Vi held hus og kve i god stand sidan dette da blir brukt, at kulturlandskapet blir brukt og ikkje står og forfell fordi vi ikkje brukar setra. At dette ikkje passar inn forstår eg ikkje heilt, scena er ikkje synleg anna enn frå vår eiga seter, den er ikkje skjemma i landskapet.

Eg skjønar at dette ikkje var byggeskikk før, men som i samfunnet ellers har utviklinga gått sin gang og for at setergreider skal bli brukt og tatt vare på må dei kunne brukast etter dagens ynskjer om funksjonalitet og nye bruksområder. Sjølv om det ikkje var veranda eller for den del utescener i tilknytning til setrar før, er dette slike ting som gjer at slike plassar blir meir brukte og på den måten blir teke vare på og vøla. I tillegg til den vanlege bruken av slått og beite er dette eit lite arrangement som ikkje på nokon måte øydelegg for naturmangfaldlova. Det går ikkje utover verken vegetasjon eller kulturminner og det kan gjevast dispensasjon frå vernevedtak sidan dette arrangementet ikkje vil påverke verneverdiane. Vedtaket byggjer på ei føresetnad om at tiltaket inneber eit varig landskapsinngrep, utan at det er vurdert om scena og plattinga er mellombelse, fullt reversible og utan terrenginngrep. Slik er det ikkje, dette kan takast ned, flyttast på og skal stå berre ei kort periode. Derfor synes eg heller ikkje at dette med presedens er aktuelt, og i så fall må dette presiserast grundigare enn det som er gjort i dette avslaget. Om byggverket ikkje er knytt til jordbruks- og seterformål, kan ein vel også bruka skjønn i samband med at dette er ein nyoppstarta festival på eit før historisk bruksprega område (seterkvea).

Dersom det er meir i tråd med verneverdiane så kan vi bruke områder utanfor seterkvea, og da vil vi foreslå Kvannbekkmyra som er ein campingplass litt lengre inn i Lordalen. Denne legg allereie til rette for turisme og aktivitet. Her vil ikkje scena skjemma for noko verdifullt setermiljø, og vi kan framleis ha festival i Lordalen, sjølv om det ikkje blir på vår eiga seter. Håper de kan ta stilling til denne søknaden dersom de ikkje kan koma oss i møte på dispensasjon for tre år med festival på setra.

Mvh
Anne Karin Riise

Romsdalsvegen 2204
2666 Lora



Arkivsaksnummer: 2024/13634-11

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 04.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	18/2026	11.05.2026

Høring - Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen er tilfreds med vidareføring av hovudtrekka i dagens organisering, med Statsforvaltaren i Innlandet som arbeidsgjevar for sekretariatet. Nasjonalparkstyret meiner at både alternativ 1 og alternativ 2 med tilrådde forbetringpunkt vil fungere godt.

Fordelen med å ha fagleg tilknytning til Statsforvaltaren er at ein også vil kunne vidareføre ei god tilknytning til kommunane med areal i verneområda gjennom Statsforvaltaren sitt nettverk, i tillegg til eige nettverk med administrativt kontaktutval. Det er også viktig at kontakten mellom nasjonalparkforvaltere og alle statsforvalterembetene som tilhører de aktuelle verneområdene blir formalisert da dette mangler ved dagens organisering.

Alternativ 2 kan nok svekke tilknytninga til kommunane for dei sekretariata som blir flytta over til eit anna statsforvaltarembete enn det som geografisk er knytt til verneområda, og uttalane frå dei verneområdestyra der dette blir aktuelt bør derfor tilleggast vekt. Tiltaka som er foreslått som forbetringpunkt blir vurdert å bidra til måla om meir heilskapleg forvaltning. Merknader til dei enkelte punkta:

- **Finansiering / ressursar:** Det er viktig at den desentraliserte modellen som er vald blir fullfinansiert og synleggjort ved øyremerking av midlar per forvaltarstilling i Statsbudsjettet (Prop. 1S). Styrking av statsforvaltarembeta for oppfølging av forvaltarane vil bidra til å sikre kontinuitet og god opplæring ved skifte i forvaltararstillingane.
I enkelte saker treng forvaltarane juridisk bistand i saksbehandlinga, det er viktig at slik bistand blir styrka, enten via fagmiljøet hjå Statsforvaltar eller i Miljødirektoratet.
- Det er positivt å tydeleggjera rolla som fagleg rådgjevar i *Hovedinstruks for statsforvalteren*. men direkte rådgjeving til forvaltarane sine innstillingar til styret kan lett koma i konflikt med Statsforvaltaren si rolle som kan klage på styret sine vedtak. Statsforvaltar bør ikkje delta i forvaltarane sitt arbeid med innstillingar til vedtak, men kan gje faglege råd på initiativ frå forvaltar. Leiaren med fag- og personalansvar hos Statsforvaltaren må heller ikkje få ei slags godkjennarrolle på forvaltar sine innstillingar. Sjølvstendige vurderingar i forvaltarane sitt arbeid med innstillingar til styret er viktig for å tydeleggjera rolla til styret som forvaltningsmyndigheit. Der Statsforvaltar meiner at ei sak ikkje er tilfredsstillande utgreidd i høve til verneforskriftene vil det alltid vera mogleg å få ei ny vurdering gjennom klageordninga, og det vil vera uheldig med innblanding i arbeid med innstillingane.

- Klarare skilje mellom Statsforvaltaren som arbeidsgjevar og styret i dokumentforvaltninga vil gje tydelegare kommunikasjon mot publikum og mot andre aktørar i forvaltninga. Det er viktig å få synleggjort at det er nasjonalparkstyret som er avsendar når forvaltar sender ut forvaltningsvedtak og andre saker på vegne av styret. Spørsmålet om arkivopplegg må få ei funksjonell løysing som blir kvalitetssikra av dei administrative aktørane.
- Innføring av "Forvalterskolen" vil sikre betre og meir systematisk- opplæring, og faste møtepunkt ved forvaltarsamlingar vil bidra til fagleg utvikling og meir einenskapleg forvaltning gjennom erfaringsutvekslingar.
- Forslaget om å gje arbeidsgjevar auka fleksibilitet i bruk av forvaltarressurser mellom styra vil vera positivt med tanke på best mogleg bruk av ressursane samla sett. Det bør framleis vera ei føring om at det skal vera *dialog* med både forvaltar og styreleiar i forkant av slik omdisponering av ressursar, sjølv om ein går bort frå kravet om *godkjenning* frå styreleiar. Dialog vil gje betre forankring og auka forståing når ressursane i sekretariatet blir omfordelt for kortare eller lengre periodar.
- Gjennomgang av forvaltningsknutepunkta for betre fungerande knutepunkt vil vera nyttig. Så langt det er mogleg må forvaltarane lokaliseras saman med andre forvaltarar. Kontorfelleskap gjev betre rom for læring og avlasting, og gjev betre service til publikum når det er fleire med tilgang til same arkiv m.m. Samlokalisering med SNO, fjellstyre og andre med oppgåver innan utmarksforvaltning bidrar også til styrking av fagmiljøa.
- Det kan vera nyttig å arbeide for meir formalisert samarbeid med besøkssentra, men dette må sjåast i samheng med utgreiinga av ny strategi for besøkssentera. Mange av dei store verneområda manglar besøkssenter, og det er viktig å få eit heilskapleg nasjonalt system for besøkssenter for å få eit likeverdig opplegg som omfattar alle dei store verneområda. Fleire har peika på at sentra burde hatt ei tydelegare rolle knytt til informasjon og naturrettleiing om verneverdiane. Dette krev auke av ressursar til informasjonsmedarbeidarar med særleg ansvar for verneområdeforvaltninga og at alle verneområda blir knytt til velfungerande besøkssenter.
- Med auka vekt på verdiskaping og å ønskje folk velkommen inn i nasjonalparkane er det nødvendig å ha eit godt system for å ivareta verneverdiane med aukande besøkstrykk. Tilstrekkelege ressursar til informasjonsarbeid i sekretariata, oppsyn og rettleiing i felt, er viktig i aktiv besøksforvaltning. Når ein inviterer fleire inn, må også mottaksapparatet styrkast. Det er derfor svært bekymringsfullt at enkelte verneområde opplever manglande SNO-ressursar som eit problem. Det ville styrka samarbeidet om det hadde vore lagt opp til felles kontaktpunkt med SNO gjennom kontorløysingane. Dette er særleg viktig ved skifte av personell, da det elles kan ta tid før ein får etablert gode rutinar for kunnskapsutveksling og god samhandling mellom forvaltning og oppsyn.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Høyringsdokument på Miljødirektoratet si nettside 14.04.26, med høyringsfrist 22.05.26. [Utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltere - miljødirektoratet.no](#)
- Brev av 06.02.2025 – *Innspell til Klima- og miljødepartementet – utredning av organisering av verneområdeforvaltninga - Nasjonalparkstyret for Reinheimen*
- Gjeldande vedtekter for nasjonalparkstyret: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/styret/styret-sine-vedtekter>

Saksopplysningar

Dagens forvaltningsmodell for nasjonalparkar og andre store verneområde vart etablert i 2010. Det er i dag 49 nasjonalpark-/verneområdestyre som har delegert forvaltningsansvar.

Det er per 1.1.2026 totalt 69 verneområdeforvaltarar fordelt på dei 49 styra. Hardangervidda er i dag eineste nasjonalpark som ikkje blir forvalta av eit nasjonalparkstyre.

Det vart lagt opp til etablering av lokale/regionale forvaltningsknutepunkt der forvaltarane skulle samlokaliseras med andre fagpersonar knytt til verneområdet. I 2014 gjorde Riksrevisjonen ei undersøking av forvaltninga av nasjonalparkane. Undersøkinga viste til at *"Modellen har bidratt til at både erfaringsbasert, lokal kunnskap, og vitenskaplig og forskningsbasert kunnskap nå legges til grunn i forvaltningen"*. Samtidig vart det peika på nokre behov for avklaringar, som rolleavklaringar mellom styra og fylkesmannen som arbeidsgjevar for verneområdeforvaltarane, samt klarare instruksjonsmyndigheit for styra overfor verneområdeforvaltarane. Vurderingane frå Riksrevisjonen er fylgd opp gjennom fleire oppdrag frå Klima- og miljødepartementet (KLD) til Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet fekk i mars 2025 oppdrag frå Klima- og miljødepartementet om å gjennomgå organiseringa av verneområdeforvaltarane og øvrig organisering, og vurdere eventuelle endringar for å styrke forvaltninga av verneområda.

Oppdraget er avgrensa til å gjelde organiseringa, og gjeld ikkje sjølve forvaltningsmodellen: *«KLD presiserer i oppdragsteksten at det er en forutsetning at utredningen ivaretar verneområdestyrets faglige instruksjonsmyndighet overfor forvalterne, slik at det er vernestyret som avgjør overordnede spørsmål knyttet til forvaltning av det enkelte område, eksempelvis prioritering mellom større overordnede oppgaver m.v*

De skriver også at det er en forutsetning for utredningen at nasjonalpark- og verneområdeforvalterne fortsatt skal sitte desentralisert nær verneområder. Det er et mål å ha sterke lokale knutepunkter med solide fagmiljøer, og direktoratet kan også foreslå relokalisering av forvalterstillinger for å bygge opp under dette, jf. Meld. St. 35 (2023-2024) kapittel 6.3.3»

Punktvis oppsummering av oppdraget:

«Endringspunkter som vi er bedt om å vurdere i oppdragsteksten:

- fører til en mer helhetlig forvaltning mellom verneområder
- styrker det faglige nettverket mellom verneområdeforvaltere
- øker erfaringsdelingen mellom forvalterne
- bedrer forholdene for veiledning av forvalterne og styrker deres kompetanse
- gir bedre fungerende knutepunkter
- gir mer fleksibilitet i fordeling av oppgaver i.f.m sykdom, vakanser mv eller p.g.a ulike ressursbehov mellom områder
- gir mer lik organisering av forvalterne og styrker den daglige ledelsen av dem bl.a. når det gjelder organisering av arbeid, fordeling av oppgaver mv
- fører til bedre rolleavklaring herunder gjør rollene tydeligere for publikum
- styrker samarbeidet med Statens naturoppsyn
- styrker samarbeidet med besøkssentrene

Tilleggspunkter som vi har lagt til i utredningen:

- styrker tilliten til forvaltningsordningen hos publikum
- økte forvaltningsgevinster på tvers av alle verneområder som forvaltes av styrer og statsforvaltere»

Miljødirektoratet har utgreidd 4 alternative løysningar, som er sendt på høyring til aktørane i forvaltningsmodellen.

1. Beholde dagens ordning, men se på bedringspunkter i denne
2. Samle arbeidsgiveransvaret hos et fåtall Statsforvaltere
3. Samle arbeidsgiveransvaret hos Miljødirektoratet
4. Opprette en egen organisasjon med egen ledelse, der fellestjenester håndteres av direktoratet

Miljødirektoratet har tilrådd organisering av alternativ 2, etter slike føringar:

- 3-5 embeter

- Samling av forvaltere slik at et embete har minimum ti forvaltere ansatt
- Fellestjenester ligger hos statsforvalterne som tidligere

Tabell 2. Oversikt over antall forvaltere per statsforvalterembete

Statsforvalterembete	Antall
Agder	4
Innlandet	14
Møre og Romsdal	1
Nordland	9
Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus	5
Troms og Finnmark	13
Trøndelag	10
Vestfold og Telemark	3
Vestland	9
Rogaland	1
Sum	69

Det er peika på at «Det er stor variasjon i arbeidsmengde knyttet til sekretariatsfunksjonen for verneområdestyrene, Årsakene til det er flere, blant annet på grunn av variasjon i antall verneområder et styre forvalter. Andre faktorer som kan virke inn er antallet saker de håndterer, omfang av bruksinteresser i verneområdet, størrelsen på verneområdene, mv.»

Innlandet har minimum ti forvaltarar, og forvaltarar i Reinheimen vil etter dette forslaget ikkje få endra administrativ tilknytning. (Skisse til omplasseringar i forslaget er ikkje endeleg.)

Vedlegg 2 til utgreiinga viser dagens plassering av forvaltarane (utdraget under viser berre nasjonalparkstyra som er knytt til våre knutepunkt i Lom og Åndalsnes):

Verneområde-styre	Ant. kontorsteder per nasjonalpark/verneområde-styre	Kontorsted	Kontorlokaler	Andre aktører ved knutepunktet	Samlokalisering med SNO	Samlokalisering med autorisert besøks-senter
Reinheimen NP-styre	2	Åndalsnes	Norsk tindesenter	SNO, Norsk Tindesenter	Ja	Ja
Reinheimen NP-styre	2	Lom	Norsk fjellsenter	Norges nasjonalparkkommuner**, Norsk fjellsenter, SNO og Lom fjellstyre	Ja*	Ja
Jotunheimen NP-styre	2	Lom	Norsk fjellsenter	Forvalter Reinheimen, Norges nasjonalparkkommuner**, Norsk fjellsenter, SNO og Lom fjellstyre	Ja*	Ja
Breheimen NP-styre	2	Skjåk	Skjåk Utmarks-senter	SNO***, Skjåk almenning, DNT	Ja	Nei

Merknader/rettingar:

* Det er ikkje samlokalisering med SNO-Reinheimen i Lom. Men det er SNO-tilsette ved knutepunktet i Lom er frå andre verneområde / SNO generelt.

** Norges nasjonalparkkommuner har ikkje lenger kontor på Norsk fjellsenter. På knutepunktet i Lom er forvaltar for Reinheimen samlokalisert med forvaltar for Jotunheimen, Lom fjellstyre, Norsk fjellsenter.

*** SNO-Reinheimen er lokalisert på Skjåk Utmarkssenter saman med forvalter for Breheimen

Det er vidare tilrådd ulike tiltak for å betre forvaltninga i tråd med mål for gjennomgangen:

1. *Økning av kapasitet og ressurser hos statsforvalterne*
 - a. *Økt tildeling per forvalterstilling (eksisterende stillinger fra før 2024)*
 - b. *Synliggjøre øremerking av midler per forvalterstilling i Prop. 1S*
 - c. *Tilføre midler til embeter (med mer enn 10 forvaltere) for å ansette dedikert seksjonsleder med personal- og fagansvar. I embeter med færre forvaltere foreslår vi å tilføre midler til en forvalterkoordinator som skal bistå på tvers av forvaltere/styrer med faglig rådgiving og bistand i oppgaver. Personalansvaret må da fremdeles ligge hos en leder hos statsforvalteren.*
2. *Klargjøring av roller internt blant aktørene knyttet til faglig oppfølging av forvalterne*
3. *Klarere skille mellom arbeidsgiver og styret i dokumentforvaltning*
4. *Gi arbeidsgiver økt fleksibilitet i bruk av forvalterressurser mellom styrer.*
5. *Innføring av "Forvalterskolen"*
6. *Faste intervaller på forvaltersamlinger*
7. *Endringer på forvaltningsknutepunkter*
8. *Formalisere samarbeid mellom forvaltning og besøkssentre*
9. *Legge til rette for SNOs tilgang til forvaltningsknutepunktene*

Verneområdestyra kunne koma med muntlege og skriftlege innspel til Klima- og miljødepartementet i samband med utarbeiding av oppdraget vinteren 2025. Styreleiar gav muntleg innspel i oppstartmøte med KLD 21.01.2025, og styret sende skriftleg innspel 06.02.2025 i etterkant, der vedlagt innspel frå styret peika på ulike utfordringar.

Styret støtta ei vidareføring av ordninga med administrativ tilknytning til Statsforvaltarembeta, men med forbetringar. I utgreiinga er fordelane med slik tilknytning skildra slik:

«Andelen verneområder som forvaltes av andre myndigheter enn verneområdestyrer utgjør et betydelig antall og for de fleste av disse er det statsforvalterembetene som utgjør forvaltningsmyndigheten. En vurdering av forvaltningsgevinster på tvers av alle verneområder som forvaltes av styrer og statsforvaltere mener vi derfor er en viktig faktor i utredningens målsetning om å styrke forvaltningen av verneområder. Alternativ 1 og 2 innebærer begge at forvalterne fremdeles vil være lokalisert hos statsforvalterne og være tilknyttet fagmiljøene som er forvaltningsmyndighet for andre verneområder. Dette mener vi i seg selv har potensiale til å gi betydelige forvaltningsgevinster som mer helhetlig forvaltning på tvers av alle verneområder. Det forutsetter at det legges til rette for erfaringsutveksling på tvers av forvaltere og øvrig fagmiljø hos statsforvalteren og at tiltak for styrking av daglig ledelse innføres. Dette kan så bidra til styrket beslutningsgrunnlag på tvers av myndigheter.»

Tilrådinga om å samle forvaltarane i færre embete (alternativ 2) er grunngeve slik:

«Alternativ 2 og en samling av arbeidsgiveransvaret hos færre embeter, styrker muligheten til å utvikle mer enhetlige kompetansetiltak i form av å kunne etablere felles rutiner og opplæring i færre embeter som igjen vil gi færre ulikheter. Det samme gjelder muligheten for større grad av systematisk oppfølging og utvikling og etablering av fagfellesskap/nettverk. Gode nettverk mellom forvalterne i embetet er det som trekkes frem som særlig positivt blant forvalterne som gir gode skussmål til dagens organisering og vi mener det derfor er viktig å legge til rette for slike nettverk. Det mener vi forenkles ved å ha et større antall forvaltere samlet under et embete og en dedikert ledelse som kan legge til rette for dette.»

Fordelar og ulemper med alternativ 3 og 4 blir ikkje nærare diskutert i denne saka, da det synest vera lite aktuelt å velja eitt av desse. Lenke til utgreiinga med skildring av alternativa: [Utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltere - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/utredningsoppdrag-om-organisering-av-verneomradeforvaltere)

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Vurdering

Nasjonalpark-/verneområdestyret er eigen juridisk person. Styret kan i utgangspunktet «inngå avtaler og påta seg forpliktelser innanfor de økonomiske rammene styret disponerer. Slik ordningen er organisert i dag er det imidlertid statsforvalter som har budsjettmidlene. Det varierer hvorvidt styrene inngår avtaler selv eller om statsforvalter inngår avtaler på vegne av styret. Styret søker om midler og vedtar hva tildelte midler skal brukes til, mens statsforvalter er økonomisk ansvarlig for budsjettet og står som formelt ansvarlig for inngåtte avtaler. Det er per i dag ingen av verneområdestyrene som har egen bankkonto slik at de kan disponere budsjettet selv. Dette skyldes dels at alternativet ikkje er kjent for alle styrene, og dels de forpliktelser og krav som følger av dette ansvaret.

Styret har vedtaksmyndighet og disponerer forvalters arbeidstid, men har ikkje personalansvar for forvalter. Stillingen ligger formelt hos statsforvalteren.»

Denne fordelinga mellom styret og Statsforvaltaren er ei praktisk tilnærming, som har fungert godt. Det er likevel rom for forbetringar. Miljødirektoratet tilrår ei vidareføring av dagens ordning, med ein del tilpassingar og forbetringpunkt. Saksbehandlar ser ikkje grunn for å kommentere alternativa 3 og 4 med endra administrativ tilknytning for forvaltarane, da desse synest lite aktuelle. Alternativ 1 (uendra adm. tilknytning) og alt. 2 med arbeidsgjevaransvar hos færre statsforvaltarar har i stor grad like utfordringar, og tilrådingane på forbetringpunkt for desse to alternativa blir kommentert punkt for punkt.

1. Auke av kapasitet og ressursar hos statsforvaltarane

Auka tildeling per forvaltarstilling og synleggjering ved øyremerking av midlar per forvaltarstilling i Prop. 1S (Statsbudsjettet) er viktig for å unngå at det blir ein kamp om ressursar mellom verneområdeforvaltninga og den ordinære forvaltninga i regi av Statsforvaltaren. Det er ein del ekstra arbeid med fleire medarbeidarar på lokalkontor utanom kontorstaden til Statsforvaltaren, så det vil vera riktig å styrke embeta slik at seksjonsleiar kan vera ein fagleg ressurs og eit bindeledd mellom Statsforvaltar og verneområdeforvaltninga. Forvaltarane treng juridisk bistand i saksbehandlinga, det er viktig at slik bistand blir styrka, enten via fagmiljøet hjå Statsforvaltar eller i Miljødirektoratet. Med alternativ 2 kan det bli meir ressurskrevjande å organisere samlingar for forvaltarane, med lenger reiseveg for den einskilde (t.d. frå Agder til Vestland). Uansett alternativ er det

viktig at det blir tilført tilstrekkeleg med ressursar til gjennomføring av fagdagar/fysiske møtedagar med fagleg opplegg for forvaltarane i embeta som har personalansvar.

2. Klargjøring av roller internt blant aktørane knytt til fagleg oppfølging av forvaltarane

Ved innføring av lokal forvaltning vart arbeidsgjevaransvaret lagt til statsforvaltaren for å ivareta fellestenester, men også for å sikre eit fagmiljø for forvaltarane. I hovudinstruksen til statsforvaltarane i dag står det kun at statsforvaltaren er personal- og økonomiansvarleg for verneområdeforvaltarar, og det kan verke som at intensjonen bak den faglege delen av arbeidsgjevaransvaret ikkje har vore tydeleg og fylgd opp i den praktiske gjennomføringa. I tilrådinga står at *«Vi mener at et sentralt forbedringspunkt i alternativ 1 må være at statsforvalternes rolle som faglig rådgiver for forvalterne må tydeliggjøres i sentrale styringsdokumenter for statsforvalteren, slik som i Hovedinstruks for statsforvalteren. Det må samtidig tydeliggjøres hva statsforvalteren kan gi faglige råd til uten at dette innvirker på styrenes faglige instruksjonsmyndighet overfor forvalterne. Vi mener statsforvalter kan gi faglig rådgiving til forvalternes innstillinger til styrene ved behov.»*

Det er positivt å tydeleggjera rolla som fagleg rådgjevar i *Hovedinstruks for statsforvalteren*, men direkte rådgjeving til forvaltarane sine innstillingar til styret kan nok lett koma litt i konflikt med Statsforvaltaren si rolle som mogleg klageinstans på styret sine vedtak. Slik rådgjeving til innstillingar til vedtak bør berre skje dersom forvaltar sjølv ber om det, og det må ikkje bli slik at leiaren med fag- og personalansvar hos Statsforvaltaren får ei slags godkjennarrolle på forvaltar sine innstillingar. Dette er viktig for å tydeleggjera rolla til styret som eige organ.

3. Klarere skilje mellom arbeidsgjevar og styret i dokumentforvaltning

Tilråding: *«For å synliggjøre at forvalternes/styrenes virksomhet er separat og ikke en del av statsforvalteren, anbefaler vi at forvaltere har e-postadresser som skiller seg fra statsforvalteren, samt egne arkivbaser som muliggjør å skille ut journalføringene og publisere separate offentlige journaler, fortrinnsvis på Elnnsyn.»*

Det er svært positivt om ein kunne få e-postadresser som tydeleg kommuniserer at forvaltar opptrer på vegne av nasjonalpark-/verneområdestyret, og ikkje i regi av Statsforvaltaren.

4. Auka fleksibilitet i fordeling av forvaltarressursar mellom styre

Sekretariata er små einingar med 1-3 forvaltarar, og systemet er derfor sårbart ved permisjon, langtidsfråvær, eller skifte av forvaltar. Miljødirektoratet tilrår auka fleksibilitet i bruk av forvaltarressursar: *«Vi foreslår at statsforvalterne som arbeidsgiver får anledning til å avtale omfordeling av forvalters tid direkte med forvalter og ikke trenger en avklaring av dette med styreleder. Det er arbeidsgiver som har samlet oversikt over sine ansatte og ser behov for omfordeling av ressurser. Vi mener dette bør begrenses til å gjelde bruk av forvalternes tid på tvers av styrer, ikke bruk av forvalters tid på øvrige oppgaver innenfor statsforvalterembetet.»*

Dette betyr at styret i enkelte tilfelle kunne miste noko av sekretariatsressursen, men kan også få tilført ekstrahjelp frå andre styresekretariat ved behov. Tidlegare tolking var vel at det måtte ligge føre ei *godkjenning* frå styreleiar før ein forvaltar kunne bidra i arbeidet for eit anna styre, medan direktoratet si tilråding er at arbeidsgjevar nå får sterkare rett til styring. For forvaltninga samla sett vil dette truleg vera positivt, men det bør vera framleis vera ei føring om at det skal vera *dialog* med både forvaltar og styreleiar i forkant av slik omdisponering av ressursar, sjølv om ein går bort frå kravet om *godkjenning* frå styreleiar.

5. Innføring av "Forvalterskolen"

Tilråding: *«Vi foreslår innføring av "Forvalterskolen", en opplæringspakke som skal samle e-læring, webinarer, skriftlig veiledning, spørsmål- og svar, m.v. på en hensiktsmessig plattform som sikrer lik informasjon til alle nye forvaltere og som kan brukes av erfarne forvaltere ved behov i sitt daglige arbeid. Hovedansvaret for å innføre tiltaket kan ligge til Miljødirektoratet ettersom dette vil være et felles opplæringsprogram på tvers av embeter,*

eventuelt hos en statsforvalter i samarbeid med Miljødirektoratet. Det følger av arbeidsgiveransvaret å gi opplæring slik at de ansatte kan utføre arbeidet. Statsforvalteren må uansett være sterkt deltakende i et slikt program.»

Det er viktig og nødvendig at opplæringa blir sett i system for å sikre at alle får den tilfredsstillande opplæring på alle område. Det er også viktig at den faglege kontakten mellom nasjonalparkforvaltere og alle statsforvalterembetene som tilhører de aktuelle verneområdene blir formalisert da dette mangler ved dagens organisering.

6. Forvaltarsamlingar

Tilråding: «Vi foreslår at forvaltersamlingene videreføres med fast intervall på hvert andre år. Miljødirektoratet skal ha ansvar for å gjennomføre forvaltersamlingene i samarbeid med statsforvalterne. Vi foreslår at annenhver samling gjennomføres som nasjonale og regionale samlinger. SNO sentralt deltar på de nasjonale samlingene, og SNO-lokalt med fagansvar for de store verneområdene deltar på de regionale samlingene.»

Faste møtepunkt og samlingar er viktig for erfaringsutveksling og fagleg utvikling for alle.

7. Formalisere samarbeidet med besøkssenter

Mange av dei store verneområda manglar besøkssenter, og berre eit fåtal av forvaltarane har kontorstad knytt til eit besøkssenter. Det er heller ikkje alle besøkssentra som har slik lokalisering og fasilitetar at dei oppfyller krava til funksjonelt fagmiljø. Fleire har peika på at sentra burde hatt ei tydelegare rolle knytt til informasjon og naturrettleiing om verneverdiane.

Etter oppdrag frå KLD leverte Miljødirektoratet 26. januar 2026 eit forslag til ny besøkssenterstrategi for 2026-2036. I forslaget til ny besøkssenterstrategi foreslår direktoratet fleire endringar for å oppnå målsettingane med senterordninga. Fleire av måla er også relevante når det gjeld samarbeid mellom besøkssentra og forvaltarar og styre.

I utgreiinga står m.a. at «Selv om ikke alle besøkssentre kan være tilknyttet et forvaltningsknutepunkt er det likevel et behov for en større grad av formalisering av samarbeidet mellom sentrene og verneområdeforvaltningen, uavhengig av samlokalisering eller ikke. Derfor er dette også løftet frem i forslaget til kriteriesettet for etablering og reutorisering av sentrene. Miljødirektoratet foreslår i strategien å få på plass samarbeidsavtaler som besøkssentrene og den lokale forvaltningen forplikter seg til å følge for autorisasjoner fra 2028 og fremover.»

Det er viktig å arbeide vidare for å betre samarbeidet og å styrke besøkssentra si rolle i informasjonsarbeidet.

8. Gjennomgang av forvaltningsknutepunkta for betre fungerande knutepunkt

Tilråding: «Vi anbefaler at det gjøres en kartlegging av forvaltningsknutepunktene for å se om de kan samles i større grad slik at alle forvaltere får kontorplass ved et reelt knutepunkt, der det også er samlokalisering med SNO. Selv om kontorstedet skal være desentralisert, og i nærheten av verneområdene vil det til en viss grad være sammenheng mellom arbeidsgivertilhørighet og kontorsted. Derfor foreslår vi at en nærmere kartlegging av fremtidige knutepunkt og eventuelle forslag til relokaliseringer avventer til ny organisering av verneområdeforvalterne er bestemt.

Vi foreslår at en nærmere kartlegging av de enkelte knutepunkter og vurdering av videre sammensetning på og lokalisering av disse gjøres i et tilleggsoppdrag.»

Forvaltarane i Reinheimen er begge knytt til velfungerande forvaltningsknutepunkt i eit relevant arbeids- og fagmiljø. I knutepunktet i Lom er to forvaltarar lokalisert. Det burde vera minst ein forvaltarkollega i knutepunktet for kunne gje kollegahjelp og avlastning ved behov. Men i dag er Teams blitt eit godt alternativ for dagleg forvalterkontakt på tvers av verneområde. Forvaltarane har svært mange ulike oppgåver, og sjølv med betre opplæring har ein stor nytte av å kunne rådføre seg med erfarne kollegaer.

9. Legge til rette for at SNO får tilgang til forvaltningsknutepunkta

Tilråding: «Vi anbefaler derfor at muligheten for å samlokalisere kontorsted med SNO-ressurser bør være en del av vurderingen i fastsettelse av, og mulig relokalisering, av knutepunkter/kontorsteder for forvaltere, slik at det legges til rette for at knutepunktet også kan være et hensiktsmessig sted for SNO å jobbe fra når de ikke er i felt.»

Det ville styrka samarbeidet om ein hadde eit kontaktpunkt med SNO i kontorløysingane. I Åndalsnes er forvaltar samlokalisert med SNO for Reinheimen. Dette er særleg viktig ved skifte av personell, da det elles kan ta tid før ein får etablert gode rutinar for kunnskapsutveksling og god samhandling mellom forvaltning og oppsyn.

Med auka vekt på verdiskaping og å ønskje folk velkommen inn i nasjonalparkane er det nødvendig å ha eit godt system for å ivareta verneverdiane også med aukande besøkstrykk. Tilstreккеlege ressursar for oppsyn og rettleiing er viktig i ei aktiv besøksforvaltning. Når ein inviterer fleire inn, må også mottaksapparatet styrkast. Det er derfor svært bekymringsfullt at enkelte verneområde opplever manglande SNO-ressursar som eit problem.

Ein del av tilrådingane gjeld først og fremst forbetringar innan administrativ organisering og faglege forbetringar, og her vil også uttalene frå Statsforvaltarane gje utfyllande synspunkt.



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 04
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyret.no/reinheimen>

Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Saksbehandler Kristine Sørleie

Vår ref. 2024/13634-0 432.0

Dykkar ref. 23/2148

Dato 06.02.2025

Innspill - utredning av organisering av verneområdeforvaltere - Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Nasjonalparkstyret for Reinheimen viser til brev frå KLD 05.12.24, og innspelsmøte 21.januar der Statssekretær Kjersti Bjørnstad orienterte om bakgrunn for utgreiinga i tillegg til stutte innlegg frå dei ulike verneområdestyra. Både forvaltarar og styreleiar for Reinheimen deltok på møtet 21.januar, der styreleiar hadde eit stutt innlegg.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ser det som positivt at det blir lagt opp til både munnlege og skriftlege innspel frå dei ulike styra før miljødirektoratet får oppdraget. Teams møte 21.januar syner at dei ulike styra har eit stort engasjement for ei best mogleg organisering av arbeidsforholda til forvaltarane.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen merker seg at det skal liggje til grunn ein føresetnad for utgreiinga at:

- nasjonalpark- og verneområdeforvalterne framleis skal sitte desentralisert nær verneområdet, i sterke lokale knutepunkt med solide fagmiljø.
- verneområdestyret sin faglege instruksjonsmyndigheit ovanfor forvaltarane blir ivareteke
- verneområdestyra blir involvert tett gjennom heile prosessen, og at styra blir invitert til oppstartsmøte
- det blir vurdert å etablere referansegruppe med representantar frå nokre utvalde styre som involverast i det fortløpande arbeidet, og at styra skal få høve til å gje sine synspunkt på eit eventuelt forslag til ny organisering før direktoratet sender si tilråding til departementet.

Sjølv om det er lagt opp til stor grad av involvering i oppstarten og undervegs i arbeidet, ønskjer Nasjonalparkstyret for Reinheimen likevel å gje eit skriftleg innspel til arbeidet.

Reinheimen er den tredje største nasjonalparken i Noreg, der leveområde for villrein i eit villmarksprega høgfjellsområde er hovudformålet med vernet. I tillegg er 6 store landskapsvernområde og 5 naturreservat knytt til Reinheimen området, som dekker 6 kommunar og fylka Innlandet og Møre og Romsdal. Det er to forvaltarar som utgjer sekretariatet i dag. Forvaltarane er tilsett hjå statsforvaltaren i Innlandet, men er lokalisert i kvart sitt lokale knutepunkt på kvar si side av det store verneområde. Lokalisering av forvaltarane har vore ei stor politisk sak i Reinheimen, som resulterte i at det vart tilsett berre ein forvaltar for Reinheimen i 2014, med kontorstad på Norsk fjellsenter i Lom. Det var stort arbeidspress med berre ein forvaltar i Reinheimen, med mange enkeltsaker og oppfølging av tiltak, prosjekt og lokale brukarinteresser knytt til områda. Nasjonalparkstyret gjorde derfor


Nasjonalpark	Reinheimen
Naturreservat	Brettingsmoen
Landskapsvernområde	Tafjorden-Reindalen, Trollstigen, Romsdalen, Lordalen, Finndalen, Ottadalen



vedtak 12.09.14 om å søke klima- og miljødepartementet (KLD) om at det vert sett av tilstrekkelege midlar til å styrke den administrative ressursen for Reinheimen nasjonalpark. Saka vart sendt KLD og miljødirektoratet, og styreleiar hadde i tillegg hadde i tillegg samtale med dåverande Klima- og miljøminister Tine Sundtoft om behovet. I 2016 vart det sett av midlar på statsbudsjettet til nye forvaltarstillingar der ein av dei vart tildelt Reinheimen. Frå mars 2017 vart sekretariatet i Reinheimen utvida med ein stilling til, og ekstra forvaltar i Reinheimen vart tilsett hjå fylkesmannen i Møre og Romsdal med kontor på Norsk tindesenter i Åndalsnes.

Tilsetting av nasjonalparkforvaltarane i kvart sitt fylke fungerte ikkje så godt i Reinheimen, og i 2020 slutta forvaltar tilsett hjå fylkesmannen i Møre og Romsdal, og styrevedtektene vart endra slik at fylkesmannen i Innlandet tok over arbeidsgjevaransvaret for begge forvaltarane i Reinheimen. I 2020 ble ein ny forvaltar tilsett hjå statsforvaltaren i Innlandet men med kontorstad på Norsk tindesenter i Åndalsnes.

Statsforvalteren i Innlandet som arbeidsgjevar for dei to forvaltarane i Reinheimen fungerer no godt, og kontorplasseringa i kvart sitt lokale knutepunkt på kvar side av verneområda er også ei god løysning for Reinheimen området. Norsk fjellsenter og Norsk tindesenter er begge autoriserte besøkscenter med relevante fagmiljø, lokalisert tett på dei store verneområda og ligg i kvar sine tettstader med god infrastruktur og aktive nærings- og reiselivsverksemdar.



Reinheimen – området med geografisk plassering av forvaltningsknutepunkta; Norsk fjellsenter i Lom og Norsk Tindesenter på Åndalsnes.



Rollefordeling mellom statsforvaltar og styre når det gjeld personalforvaltning/dagleg leiing/styring

Departementet oppfatar at rollefordeling mellom statsforvaltar og styre når det gjeld personalforvaltning/dagleg leiing/styring framleis kan vera krevjande for enkelt område. Dette gjeld ikkje alle statsforvaltarane. Hjå statsforvaltaren i Innlandet har rollefordelinga fungert svert godt, og styreleiar har også fått høve til å delta på t.d. medarbeidarsamtalar, og er teke med på råd dersom det er aktuelt å nytte forvaltar til oppgåver i andre verneområde eller andre oppgåver hjå statsforvaltaren. Roller er også klargjort i stillingsinstruks for nasjonalparkforvaltarane og i styret sine vedtekter. For å tydeleggjera at forvaltarane representerer ulike verneområdestyre, kan ei enkel endring av e-post adressene til forvaltarane vera eit enkelt bidrag. Ei endring av e-post adressa frå fornamn.etternamn@statsforvalteren.no til fornamn.etternamn@verneområdenamn.no, kan ein gjera avsendaren tydlegare og unngå unødig rolleblending med statsforvaltaren.

Samhandling på tvers mellom forvaltarane for dei ulike verneområda.

Samhandling vil bidra til kunnskapsdeling og meir einskapleg forvaltning, og departementet meiner at det i dag er ulik grad av samhandling på tvers mellom forvaltarane for dei ulike verneområda.

I Innlandet er det høy grad av kunnskapsdeling mellom forvaltarane på tvers av verneområda og mellom dei andre på enheten NV2, som jobbar med *naturmangfald og verneområde*. Forvaltarane i Innlandet har etablert fast «kaffeprat» kvar veke på Teams der eksterne forvaltarar i Trøndelag, Møre og Romsdal og Vestland har moglegheit til å delta. Møteforma er uformelle med låg terskel for å ta ordet, stille spørsmål og foreslå tema. Møteleiinga er organisert slik at den går på omgang mellom alle forvaltarane i gruppa, som no er på over 20 deltakarar. I møta deler vi felles problemstillingar, saker, felles uttaler mm. Det er og møte der vi inviterer eksterne til å presentere ulike fagtema, som t.d jurist hjå miljødirektoratet og andre. «Kaffepraten» i Innlandet bidreg til å styrke samhandlinga på tvers mellom verneområda, og ikkje minst stimulerer det til innsats, motovasjon og trivsel for den einskilde forvaltar.

Departementet ønskjer å gje Miljødirektoratet i oppdrag å gå igjennom organiseringa av verneområde- og nasjonalparkforvaltarane, og utgreie ev. endra organisering med mål om å styrke forvaltninga av verneområde

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil presisere at for verneområde- og nasjonalparkforvaltarane tilsett hjå statsforvaltaren i Innlandet fungerer organiseringa serdeles godt i dag, men den kan sjølvstendig vidareutviklast og styrkast.

For å vidareutvikle organiseringa for ein betre samhandling på tvers av fylka kan t.d. Statsforvalteren i Innlandet bli styrka gjennom å tildelast ei tydlegare leiande rolle for fagmiljøet av verneområde- nasjonalparkforvaltarane. Rolla som nasjonalparkforvaltar stiller store krav til sjølvstendigheit og evne til å kommunisere med politikarar, publikum og offentlege aktørar. Men det kan vera tenleg å vurdere ein eigen teamleiar som fagdirektør for nasjonalparkforvaltarane hjå statsforvaltarane, der forvaltarane er ei stor gruppe og det er behov for koordinering. Ein koordinerande fagdirektør vil kunne styrke forvaltninga av verneområde, for ei betre koordinering, styrke dagleg leiing, organisering av arbeidsoppgåver, handtering av roller og gje meir heilskapleg forvaltning mellom verneområde.



Alternativer til dagens ordning

Fagleg nettverk og god lokal forankring i eit relevant arbeids- og fagmiljø er ei føresetnad for verneområde og nasjonalparkforvaltarane si rolle. Av dei alternativa som departementet har skissert, meiner Nasjonalparkstyret at å «*samle arbeidsgiveransvar hos kun et fåtall statsforvaltere*» er mest relevant å byggje vidare på.

Å samle arbeidsgjevaransvaret hjå miljødirektoratet vil kunne svekke den lokale/regionale forankringa, og er lite hensiktsmessig. Ei underavdeling i SNO vil kunne føre til ei uheldig rolleblanding og synest ikkje å vera aktuell. Ei overføring til kvart enkelt styre vil gjere drifta unødig komplisert og ustabil da styra er valde for 4 år av gongen, og er heller ikkje aktuelt.

Proessen:

Det er svært bra at departementet legg opp til å involvere verneområdestyra tett gjennom heile prosessen, og at det bør etablerast ei referansegruppe.

I ei referansegruppe er det naturleg at også verneområde- og nasjonalparkforvaltarane er representert frå utvalde verneområde. I over 20 år med lokal forvaltning, er det mogleg å få med styremedlemmer og forvaltarar som har vore med i starten da forvaltningsordninga vart etablert. Det er også viktig at referansegruppe også blir representert med både erfarne og nye forvaltarar.

I tillegg bør referansegruppa også ha med representantar frå dei mest leiande og sentrale forvaltningsknutepunkta, som t.d. Norsk fjellsenter, andre besøkssenter, Villreinsenteret, kommunar mv. der fleire forvaltarar er lokalisert.

Avslutningsvis vil Nasjonalparkstyret for Reinheimen presisere at utfordringsbilete ikkje gjeld for alle verneområda. I Innlandet er rollane klargjort gjennom lang erfaring med forvaltning av store verneområde, og arbeidsgjevaransvar for mange forvaltarstillingar. Det er også gjennom praksis utvikla og etablert ein høy grad av kunnskapsdeling på tvers av verneområda der forvaltarar i andre fylke vert invitert inn til å delta. Dette er viktig å byggje vidare på som kan overførast til andre områder. I Reinheimen fungerer organiseringa av forvaltarane så godt at det ikkje vil vera behov for store endringar.

I Teams møtet 21.januar formulerte styreleiaren for Jostedalsbreen NP behovet for ei utgreiing på ein treffande måte:

- gjennom ei utgreiing kan ein snu på nokre steinar, men ein treng ikkje grave opp hele steingjerdet -

Med helsing

Kristine Sørliie
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:
Miljødirektoratet
Statsforvalteren i Innlandet Hovedkontor



Arkivsaksnummer: 2026/4127-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 04.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	19/2026	11.05.2026


Trollstigen LVO - Kjelstadlinja - Grustaksvingen - fylkesveg 63 - 2026 - etablering av radaranlegg - Møre og Romsdal fylkeskommune

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Møre og Romsdal fylkeskommune dispensasjon til å etablere eit mellombels radaranlegg langs fylkesveg 63 ved Trollstigfoten i Trollstigen landskapsvernområde, i samband med undersøkingar knytt til skredpunkta Kjelstadlinja og Grustaksvingen.

Dispensasjonen blir gjeven med følgjande vilkår:

1. Radaranlegget skal fjernast når undersøkingane er avslutta, og seinast innan 31.12.2029.
2. Anlegget skal vere i samsvar med opplysningane i søknaden.
3. Anlegget skal plasserast innanfor allereie asfaltert område, merka med raud firkant på kartet i saksuttgreiinga.
4. Eventuell mast, bardunering, tekniske installasjonar og sikringstiltak skal tilpassast slik at dei gir minst mogleg visuell og fysisk påverknad på omgjevnadene.
5. Området skal setjast i same stand som før tiltaket etter at anlegget er fjerna.



--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka


- Søknad på e-post 24.03.2026.
- Dispensasjonsak angående rassikringstiltak ved Trollstigen 2024 (arkivsak 2024/7721).

Saksopplysningar

Søknaden

Søknad om dispensasjon frå Forskrift om verneplan for Trollstigen landskapsvernområde - etablering av radaranlegg ved Fv. 63 Trollstigen

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) skal etablere eit radaranlegg for skredpunkta Kjelstadlinja og Grustaksvingen ved Fv. 63 Trollstigen. Radaranlegget etablerast i forbindelse med planlegging og prosjektering av framtidige skredsikringsarbeid for skredpunkta. Skredpunkta er synt på figur 1 under.



Figur 1: Skredpunkta Kjelstadlinja og Grustaksvingen langs Fv. 63 Trollstigen synt med raudt.

Tenkt plassering av utstyr er ved allereie etablert asfaltert område ved Trollstigfoten.

Radaranlegget inneber at ein sanntidsovervakar skredområda og måler deformasjonar og rørsler i bergmassen, samt steinsprangaktiviteten i områda.

Ved tidlegare undersøkingar, utgreiningar, erfaringar ved drift av vegstrekninga samt gjennomført skredsikringsarbeid i Kjelstadlinja og Grustaksvingen er det peika på fleire større antatt ustabile bergparti som er ynskja overvaka. Dette for å få ei betre oversikt og kunnskapsgrunnlag om bergpartia vidare i skredsikringsarbeidet. Ved å gjennomføre deformasjons- og rørslemålingar og steinsprangdeteksjon vil ein kunne måle deformasjonar og rørsler på millimeter-nivå i skredområda og kvar deformasjonar og rørsler er størst. Dette vil vere verdifull kunnskap og bidrar til ein betre føresetnad for å seinare kunne planlegge, prosjektere og gjennomføre skredsikringsarbeid i Kjelstadlinja og Grustaksvingen.

Radaranane må ha fri sikt inn i losneområda og skredløpa for å gjennomføre målingane. Ved hjelp av siktanalyser er det peika på fleire moglege områder for plassering av radarutstyret. Grunna sikt inn til områda og samt andre faktorar som trafikk, natur, friluftsliv og tilkomst er det vurdert som det mest gjennomførbare området for slike målingar er ved eit allereie etablert asfaltert området ved foten av Trollstigen, synt i figur 1.

Det er ikkje teknisk infrastruktur og telekommunikasjon i området. Dette gjer at radaranlegget må basere seg på mellombelse løysingar for t.d. straumforsyning som brenselcelle,

solcellepanel, vindmølle m.m. Grunna vinterforholda på staden blir det lagt opp til at radarane og anna sårbart teknisk utstyr må riggast ned for vinteren. Det planleggast for å gjennomføre målingane i sommarsesongen i perioden mai - september, når fjellsidene er snø- og isfrie. Varigheit på målingane vil vere mellom 2 til 4 år/sommarsesongar, og det blir arbeidd for å byrje målingane i 2026.

Noko av radarutstyret må plasserast på mast for kome seg over trafikken og området og unngå støy frå folk og køyrety som kan påverka målingane. MRFK vel pr. d.d. å søkje om oppsetting av mast på inntil 8 meter og ved behov tilhøyrande bardunering. Det presiserast at MRFK planlegg å nytte lågare mast dersom det er teknisk mogleg etter dialog med leverandør. Døme på utsjånad av radarmast med teknisk skåp er synt i figur 2. Masta på biletet er av typen gittermast frå Lattix og er 4 meter høg, og er ved MRFK sitt skredvarslingsanlegg ved Fv. 63 i Geiranger. Døme på bakkebasert radar er synt under og plasserast på bakken. Bakkebasert radar er gjerne innkapsla av radome, konteinar eller ei «radarbu» for å beskytte utstyret frå uvedkomande og vær. Døme på bakkebasert radar og radarbu frå Fv. 63 Stavbrekka v/Oppljostunnelen på Geirangerfjellet/Strynefjellet og mellombels bakkebasert radar ved E6 Vårstigen v/Statens vegvesen er synt under i figur 3.

Endeleg plassering og orientering av utstyr innanfor omsøkt område er ikkje fastsett enno, og må skje på eit seinare tidspunkt når radarleverandør er valt. Dette for å optimalisere og tilpasse oppsettet etter at tilbode utstyr er fastsett. Døme vist i figurane her er kun døme på utstyr, og endeleg utstyr vil kunne fråvike i utsjånad. Grunna mykje turisme og trafikk i området kan det bli naudsynt at utstyret må gjerdast inne/sikrast. Dette for å sikre utstyret og at målingane oppnår god nok kvalitet.



Figur 2: Masta på biletet er av typen gittermast frå Lattix og er 4 meter høg. Masta står ved MRFK sitt skredvarslingsanlegg ved Fv. 63 i Geiranger.



Figur 3: Døme på radarbu ved Fv. 63 Stavbrekka til venstre (Møre og Romsdal og Innlandet fylkeskommune) og mellombels bakkebasert radar ved E6 Drivdalen til høgre (Statens vegvesen).

MRFK søker om dispensasjon frå Forskrift om verneplan for Reinheimen, vedlegg 4. Vern av Trollstigen landskapsvernområde, Rauma og Norddal kommunar, Møre og Romsdal for å gjennomføre beskrive tiltak.

MRFK v/Vegprosjektseksjonen er også i søknadsprosess og dialog Rauma kommune om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan i området for gjennomføring av tiltaket.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Trollstigen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3. Vernereglar Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.

Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering

og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmmande.

1.2. b. Reglane i 1.1. er ikkje til hinder for:

Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar, anlegg og andre innretningar. Alt vedlikehald på bygningar skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk med omsyn til utforming og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre endringar av storleiken og eksteriøret til bygningen.

Eksisterande vegar og andre anlegg kan haldast vedlike slik at dagens standard vert oppretthalde.

Ordinært vedlikehald er ikkje søknadspliktig, men i dette tilfelle vurderer vi tiltaka såpass omfattanda både i omfang og i tid at den må behandlas som ein § 48 sak.

Forvaltningsplan

Offentlege vegar § 3, pkt 1.2, b, 1.3, l. Vanleg vedlikehald er direkte heimla i verneforskrifta. Vedlikehald som medfører standardheving skal behandlast etter verneforskrifta § 4, jf naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 gir heimel til å gjere unntak frå verneforskrifta dersom det ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig og/eller av omsyn til tryggleik og vesentlege samfunnsinteresser. I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8- 12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Trollstigvegen er ein nasjonal turistveg og ein av dei mest besøkte attraksjonane i Noreg. Vegen er samstundes utsett for stor skredfare, og har ved fleire høve vore stengd som følge av steinsprang og ras. Ifølgje Møre og Romsdal fylkeskommune er skredrisikoen i Trollstigen høgare enn det som normalt blir akseptert i vegnettet, både på grunn av stor sesongtrafikk, høg skadefrekvens og krevjande trafikkmønster.

Vegstrekinga har i tillegg ei særleg utforming med hårnålsvingar, der eitt og same ras kan påverke fleire nivå av vegen samstundes. I 2018 gjennomførte Statens vegvesen ei grundig vurdering av skredrisikoen i Trollstigen. Eit hovudfunn var at risikoen er størst i øvste veglinje i kvar svingrekke, mellom anna i områda Kjelstadlinja og ved Grustaksvingen.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen gav i 2024 dispensasjon til omfattande rassikringstiltak på Trollstigvegen, mellom anna graving av avskjeringsgrøft og rensk og sikring av fjellside (arkivsak 2024/7721). Den omsøkte etableringa av radaranlegg er ein del av det vidare kunnskapsgrunnlaget for planlegging og prosjektering av framtidige skredsikringstiltak.

Heimel

Tiltaket er ikkje direkte heimla i verneforskrifta for Trollstigen landskapsvernområde, og må difor vurderast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 opnar for dispensasjon frå vernevedtak dersom:

1. tiltaket ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller
2. dersom omsyn til tryggleik eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

§ 48 første alt.

Det omsøkte radaranlegget skal plasserast på eit allereie asfaltert område ved Trollstigfoten, nytta som avkøyringslomme langs fylkesvegen. Tiltaket inneber ikkje terrenginngrep i urørt natur, og vil ikkje medføre skade på naturtypar eller kulturminne.

Anlegget er mellombels og reversibelt, og skal fjernast etter avslutta måleperiode. Den planlagde plasseringa og avgrensa varigheita gjer at tiltaket ikkje vil forringe landskapsopplevinga eller vilkåra for friluftsliv på ein måte som strir mot verneformålet. Tiltaket vurderast difor ikkje å påverke verneverdiane nemneverdig.

Forvaltar vurderer at vilkåra i naturmangfaldlova § 48 første alternativ er oppfylte.

§ 48 andre alt.

Radaranlegget skal nyttast til sanntidsovervaking av skredutsette parti, med måling av deformasjonar og rørsler i fjellmassane på millimeternivå. Tiltaket gir vesentleg betre kunnskapsgrunnlag for vurdering av skredfare, trafiksikkerheit og framtidige sikringstiltak.

Trollstigvegen har stor trafikk i sommarsesongen, både av privatbilistar, bussar, syklistar og mjuke trafikantar. Eit målretta og kunnskapsbasert arbeid med skredfare er avgjerande for tryggleiken til trafikantar og andre brukarar av området. Forvaltar vurderer at etablering av radaranlegget er eit viktig ledd i å førebyggje alvorlege hendingar.

Omsynet til tryggleik, jf. naturmangfaldlova § 48 andre alternativ, gjev såleis grunnlag for å gi dispensasjon.

Vurdering av naturmangfaldlova §§ 8–12

Kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar, landskap, bruk og påverknad i området er godt, mellom anna gjennom verneplanarbeid, forvaltningsplan, naturkartleggingar og tidlegare saker. Kravet i naturmangfaldlova § 8 er oppfylt, og det er ikkje behov for å ta i bruk føre-var-prinsippet i § 9.

Tiltaket er avgrensa i omfang og tid, og kjem i eit område som alt er sterkt påverka av veg og tekniske installasjonar. Etter ei samla vurdering etter § 10 vil tiltaket ikkje bidra til uakseptabel samla belastning på økosystem eller landskap.

Tiltakshavar ber kostnadene ved etablering, drift og fjerning av anlegget, jf. § 11, og har valt lokalisering og tekniske løysingar som avgrensar miljøpåverknad, jf. § 12.

Tiltaket er mellombels, lokalisert til eksisterande vegareal og knytt til dokumenterte tryggleikshensyn. Dispensasjonen etablerer ikkje ein generell praksis for permanente tekniske installasjonar i verna landskap, og vurderast ikkje å ha uheldig presedensverknad.

Forvaltar vurderer at vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er oppfylte. Tiltaket er ikkje i strid med verneformålet, påverkar ikkje verneverdiane nemneverdig, og er nødvendig av omsyn til tryggleik. Det er difor fagleg og juridisk grunnlag for å gi dispensasjon på dei vilkåra som går fram av vedtaket.



Arkivsaksnummer: 2026/4361-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 04.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	20/2026	11.05.2026

Finndalen LVO - nydyrking - 201/1/4 - 2026 - Audun Bråten

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde, § 3, pkt. g) får Audun Bråten dispensasjon til å nydyrke 50 daa innmarksbeite (gnr./bnr. 201/1/4) i Finndalen landskapsvernområde.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Arealet skal kunne fulldyrkast for maskinell drift til både slått og beite, og inngå i driftsopplegget til Øvre Sandbusgard.
- Arealet skal etter nydyrking kunne gjerdast inn som i dag, med tradisjonelle gjerdetypar som stakitt, eller nettinggjærde med treplank øvst på gjerdet.
- Det skal settast att ei kantsone på ca. 20 meter med vegetasjon mot Klomsrobekken i aust.
- Kantvegetasjonen skal ikkje hoggast men skal kunne skjøttast.
- Dersom det i samband med gjennomføring av tiltaket blir oppdaga automatisk freda kulturminne, inkludert ei sikringssone på fem meter, skal arbeidet stansast. Melding og funn skal straks sendast til kulturarvseksjonen i Innlandet fylkeskommune.
- Frist for gjennomføring og evt. tilpynting fjerning av evt røter, er sett til **21.06.2028**.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde.

Det blir gjort merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Oversending av søknad frå Audun Bråten med uttale frå Innland fylkeskommune, Vågå kommune 25.03.2026
- Uttale til søknad om omdisponering av areal frå beite til dyrkingsparsell- 201/1/4, Statskog 27.03.26
- Vedtak i Finndalen fjellstyre 13.04.26 – omdisponering av beiteareal i Gjerdingslie til dyrkingsparsell


Saksopplysningar

Søknaden

Audun Bråten, drivar av Sandbusgarden gnr. 48/3 m.fl. i Skårvangen, søker om dispensasjon til å nydyrke ca 50 daa innmarksbeite innafor Finndalen landskapsvernområde som vist på kartet under.

Arealet ligg på ca. 800 m.o.h. i slak helning ned mot Finna elv.

Søkjaren driv med mjølk og kjøttproduksjon i robotfjøs i Skårvangen og har i følgje Landbrukskontoret for Sel og Vågå behov for meir grovfôrareal.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

§ 2. Formål

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3. Vernereglar

1.1. Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekultivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmande.

1.2. Reglane i punkt 1.1. skal ikkje vere til hinder for:

a. Drift av setervollar og dyrka areal herunder gjerding, når dette ikkje er i strid med verneformålet.

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

e. Oppattaking av jordbruksdrift eller seterdrift på nedlagte setervoller.

g. Oppdyrking/beitekultivering av nye areal.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen presiserer verneforskrifta § 3, pkt. 1.3, g) slik:

«Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til nydyrking og etablering av nye kulturbeiter. Ved søknader om oppattdyrking og nydyrking skal det gjerast greie for følgjande forhold:

- Tiltaket sin verknad på landskapet når det gjeld inngrep i andre landskapselement, eksponering og innsyn og biologisk mangfald
- Om det er vurdert alternative areal
- Om det finst tilgjengeleg jord til leige eller for kjøp

Viss ein brukar har jordbruksareal der det er registrert kulturminne eller vatningsanlegg som er til ulempe for drifta, skal dette tale til fordel for søknad om nydyrking.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til opning av nye innlegg der det blir gjort beitekultivering i form av risknusing og gjødsling.»


Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, og dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved Side 3 av 5 miljøforringing bæres av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), jf. Nml § 7.

Vurdering

Audun søker om å dyrke eit areal på 50 daa som er rydda og gjerda inn som innmarksbeite. Arealet ligg rett innafor Finndalen landskapsvernområde i Gjerdingstveit i Finndalen statsalmenning. Arealet vart utvist med eget festenummer til beite i 1996, og rydda til beite for mellom anna storfe som beiter på arealet i dag. Finndalen fjellstyre har behandla søknaden 13.04.26 etter positiv uttale frå Statskog, og ga søkjar løyve til å omdisponere beitearealet til dyrkingsparsell.

Søker driv med mjølk- og kjøttproduksjon på Øvre Sandbugard i Skårvangen med inntil 220 storfe, 110 vinterfora sau og 10 hester. Det går fram av søknaden og brevet frå landbruksforvaltninga at foretaket behov for meir spredeareal og grovforareal. Arealet ligg ca. 3 km frå Øvre Sandbugard i Skårvangen, og det er enkel tilkomst for maskinell dyrking og drift av arealet. Tiltaket krev ikkje opparbeiding av ny driftsveg for gjennomføring. Det skal i følgje søknaden heller ikkje tilførast nye masser utenfrå i samband med nydyrkinga.



Arealet ligg ca. 75 meter frå Finna elv og ca. 20 meter frå Nordre Klomsrobekken aust for arealet som renn ut i Finna (sjåp kartet under). Det er viktig å unngå avrenning frå nydyringsarealet, og avstand til Finna på ca. 75 meter vil kunne være tilstrekkelig for å unngå negativ påverknad. Det vil og vera viktig å ha ei god kantsone med vegetasjon mot Klomsrobekken i aust.

Det er i naturbasen ikkje registrert naturtyper eller spesielle naturverdiar på arealet som skal dyrkast. Arealet som ble utvist i 1996 er rydda for vegetasjon og blir brukt som innmarksbeite for storfe i fleire år. I kartbasen Innlandsgis er arealet registrert som dyrkbar jord. Finna elv med tilløpsvassdrag er eit verna vassdrag, og er tilrådd som type- og referansevassdrag som betyr at det må visast omsyn til tiltak som kan påverke vassdragsnaturen i området.

Landbruksforvaltninga i Sel og Vågå skriv i si oversending av søknaden at oppdyrking og drift av arealet alltid vil føre til noko avrenning. Men når ein føresett at det blir gjødsling rett i trå med gjødselplan vil avrenning av næringssalt bli minimal og belastninga for økosystemet innafor det ein kan akseptere. Vilkår om å ivareta kantsona og skjøtte den vil kunne avbøte på eventuelle ulemper for økosystemet og vassdraget. I dette tilfelle vil ei kantsone på 20 meter mot Klomsrobekken i aust vera tilstrekkeleg som eit biologisk filter mot næringsstoffer og jordpartikler.

Fylkeskommunen i Innlandet har gjeve uttale til saka, og i brev av 12.03.26 går det fram at arealet ikkje er registrert med tanke på automatiske kulturminne, og det er heller ikkje oppdaga spor i bakken som kan vera kulturminne i høgdedata (LIDAR, laserscanning) over

området. Kultur-Arkeologi ved fylkeskommunen ser det ikkje som nødvendig å utføre arkeologisk registrering i denne saka.

Ei nydyrking av innmarksbeitearealet vil etter forvaltar si vurdering ikkje påverke landskapet eller det biologiske mangfaldet i nemneverdig grad. Arealet ligg i ytterkanten av verneområdet mot aust, og inntil Finndalsvegen. Strekninga frå vernegrensa og langs Finndalsvegen er noko prega av av attgroing med buskvegetasjon og lauvtre, og tiltaket her vil heller ikkje påverke villreinen sin trekk og beiteåtfærd i verneområdet. Arealet er både rydda, inngjerda og opparbeida til beiteareal i dag, og ei nydyrking vil såleis ikkje påverke landskapsbilete i området. Landbruksforetaket til søkjar har nødvendig behov for areal både til grovfor og spredeareal, og 50 daa i Finndalen er eit supplement for å imøtekomme kravet frå landbruksmyndigheita.

«*Kunnskapsgrunnlaget*» jf. Nml § 8 er tilstrekkeleg for å vurdere søknaden, og det er ikkje aktuelt å bruk «*Føre-var-prinsippet*» i Nml § 9, for vurdering av denne saka.

Nydyrking av arealet er reversibelt med eit avgrensa omfang. Samla omfang av tilsvarande tiltak i området vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over det som er akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «*økosystemtilnærming og samla belastning*».

Vilkår vil og kunne avbøre på eventuelle ulemper for verneverdiane i området.

Vilkåra for å kunne gje dispensasjon til nydyrking av beitearealet 201/1/4 i Gjerdingslie er oppfylt. Tiltaket er i samsvar med forvaltningsplanen og ein dispensasjon vil ikkje vera i strid med verneformålet som mellom anna er å ta vare eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap.



Arkivsaksnummer: 2026/5015-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 04.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	21/2026	11.05.2026

Reinheimen NP - Fjord - Langvatnet - byggetiltak og motorferdsel - 2026 - helikopter - oppsetting av utedo - Norddal fjellstyre - Langfjellet hyttelag

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Langfjellet Hyttelag og Norddal fjellstyre dispensasjon til å oppføre eit frittstående utedo i tilknytning til Norddal fjellstyrehytte og hytta til Langfjellet hyttelag ved Langvatnet i Reinheimen nasjonalpark og til ein tur med helikopter i samband med tiltaket.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Utedoen kan plasserast som eit frittstående bygg i samsvar med omsøkt plassering ved sandryggen nordaust for fjellstyrehytta.
- Fundamentet på utedoen skal vere ein enkel mur av naturstein frå staden, tilpassa terrenget.
- Utvendig kledning skal vere av tre, og fargeval og materialbruk skal tilpassast eksisterande hytter i området enten grått eller brunt.
- Taket skal være av tre, torv eller bølgeblekk. Taket skal være i matt utforming.
- Bygget skal ikkje overstige ytre mål på 1 m X 1,2 m.
- Etter oppføring med grunnmur skal bygget ha ein maks høgde på 3 meter.
- Helikoptertransporten skal ikkje skje før etter 15. juni av omsyn til vilt og fuglar.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding, vert sett til 01.10.2027.
- Statens naturoppsyn (SNO) kan kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Tiltaka må avklarast med gunneigarar og kommune.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad på e-post 15.04.2026.
- Etterfølgjande opplysningar og søknad på e-post 1. og 2. mai 2025.
- Tidlegare løyve - arkivsaksnr. 2015/4698-2)

Saksopplysningar

I 2015 gav Nasjonalparkstyret for Reinheimen løyve til oppsett av utedo ved Langvatnet, men då tiltaket ikkje vart gjennomført har løyvet gått ut.

Sommaren 2025 vart forvaltar kontakta av Arne Sandnes som opplyste om at hyttelaget ville sette opp utedoet som dei hadde fått løyve til. Forvaltar opplyste om at dei måtte sende inn ny søknad og tok seg ei synfaring i området, då det også har vært gjennomført arbeid ved dammen like ved. Stien inn til hyttene frå søraust var lite synleg og fjellstyrehytta var ved dårleg stand noko som tyda på lite besøk.

I april 2026 kom Norddal Fjellstyre og Langfjellet Hyttelag med ein søknad om inntransport og oppsetting av ei prefabrikkert utedo ved vestenden av Langvatnet i Valldal (Norddal statsalmenning), til felles bruk for fjellvandrarar og brukarar av to små hytter.

To alternative plasseringar har vore vurderte, og det var samla semje om alternativ 2: 10–15 meter aust for fjellstyrehytta, i same terrenghøgde. Utedoen var tenkt bygd etter same modell som ei eksisterande do på Nysetra i Fjørå, som har fungert godt over tid. Bygget vil vere om lag 2,0–3,0 m², med svart blikktak og gråna trekledning, og vil bli skilta for allmenn bruk.

Transport er planlagt med helikopter i perioden juni–august 2026, truleg i juni, avhengig av snøforhold, tilgjenge på transport og dugnadsinnsats. Det vert opplyst at tilsvarande søknad også vil bli sendt til kommunen som bygningsmynde.




Her er bilete av den type utedo dei ville prefabrikere og flyge inn.

Forvaltar tok kontakt med leiar i både fjellstyret og hyttelaget for å få nærare opplysningar om bruken av hyttene, og for å drøfte om det kunne vere aktuelt å plassere utedoen inntil ein hyttevegg. Forvaltar orienterte samstundes om at Grytten fjellstyre har erfaring med frittstående utedoar som fleire gonger har blitt øydelagde av sterk vind. På bakgrunn av dette har dei fått løyve til å etablere utedo inntil hytteveggen. Ei slik løysing reduserer samtidig talet på frittstående bygningar i verneområdet, noko forvaltar vurderer som meir skånsamt.



Bilete av fjellstyrehytta. Forvaltar spurte om ikkje påbygget til høgre kunne blitt omgjort til utedo. (Foto: Mari Melbø Rødstøl 2025).

Det kom fram at søknaden ikkje hadde vore handsama i styremøte i fjellstyret. Forvaltar gav difor uttrykk for at vidare handsaming av saka burde avvente formell behandling der. Fjellstyret og hyttelaget hadde ikkje oversikt over talet på overnattingar i området, men var samde om at besøket truleg er relativt lågt i dag. Arne Sandnes (søkjjar) meinte at mangel på tilrettelagde doforhold kan vere ei medverkande årsak til dette.



Pila syner omsøkt stad. (norgeskart.no)

Epost 01.05.

Hei igjen!

Styret i Langfjellet hyttelag og Norddal Fjellstyre, var i går samla til fellesmøte for å drøft situasjonen etter dykkar innvendingar til vår søknad om dispensasjon for bygging av fellesdo ved Langvatnet.

Fjellstyret vil gjere vedtak ila helga. På det grunnlag vil eg, på vegne av felleskapet bak prosjektet, oversende ein ny søknad, som vi ber om blir tatt opp i styret på møtet 11. mai d.å. Viss saka dreg ut til juni - møte dykkar, er det stor sjanse for at vi ikkje får realisert planane dette året heller. Dette fordi saka skal til kommunen etter dykkar vedtak, og at vi

ikkje kan starte bygging før alt er klart. Då er vi straks inne i fellesferien og onne-arbeid for dei vi skal engasjere i bygging.

Vi ber med dette innstendig om at saka vert sett på kartet til møtet 11.mai. "Ny" søknad kjem måndag 4. mai!

Ny søknad

Tiltakshavarane, representert ved styra i Langfjellet Hyttelag og Norddal fjellstyre, har i etterkant av samtalen mellom Arne Sandnes som representant for søkjarane, og nasjonalparkforvaltar Mari Rødstøl, hatt eit samrådsmøte der vi diskuterte innvendingar som var reist mot fellessøknaden vår.

I møtet gjekk vi gjennom og diskuterte, punkt for punkt, alle innvendingane. Under er ei opplisting av det vi kom fram til, og som er vårt felles syn i saka. Fjellstyret ville elles gjere eige vedtak i saka, som vil bli sendt dykk i god tid før møtet.

1. Behov for do

Løyve til oppsetting av Langvassbu vart gitt i 1932 av Øvstestøl seterlag, som då var grunneigar i området. Det er 9 partseigarar i sameiget. Eigarane i dag, er i all hovudsak same familiane som tok opptaket til prosjektet for 94 år sidan, dvs. ei blanding av tidlegare grunneigarar og bygdefolk, deriblant to lensmenn/politi. Den hytta som står der i dag er 3. generasjon, men har vore flytta langs vatnet grunna oppdemming mm.

Mangel på do har vore eit sagn frå dag ein. Det betyr berre at dei som brukar hytta må gjere frå seg i buskene. Slik er det og i dag. Sjølv etter at området vart nasjonalpark.

Den andre hytta, er om lag 50 år gamal, og blir i dag forvalta av Norddal fjellstyre. Der er heller ingen do. Ein viktig grunn til at hyttene er relativt lite brukte, er nettopp mangel på do. Det er i praksis verken triveleg eller forsvarleg å ta med seg ein familie på overnatting, med barn og/eller eldre folk slik som tilhøva er no.

Langvassbu er ei privat hytte, bygd på privat grunn for nesten 100 år sidan. Ho ligg i høgfjellet, 3-4 timars mars frå veg og folk. Då er det eit rimeleg krav av vi kan bruke hytta til rekreasjon, kvile og fiske, utan å vasse i søppel og avføring rundt veggane.

Konklusjon: Å redusere standarden til do-løysing, som ein måte å redusere trafikken i området og bruken av hyttene på, kan vil slett ikkje godta! Det vil vere oppsiktsvekkande om nasjonalpark styret ikkje støttar dette synet.

2. Plassering av do

Det vart gitt løyve til oppsetting av do i 2015. Løyvet opnar for plassering ved råsa som går om lag midt mellom dei to hyttene. Etter nærare vurdering, meiner vi no at ei endå meir tenleg plassering, vil vere 10-20 meter nordaust for Fjellstyrehytta på om lag same høgdekote. Dette fordi doen blir liggande i le for ev snøfonner, fordi det er tilgjengelege lausmasser i sandryggen bak, som gjer det lettare å plassere og bardunere bygget, og fordi det framleis er nok avstand til begge hyttene for å unngå lukt inne i hyttene.

Sjølv frå gamal tid, har det vore vanleg å plassere utedoar i god avstand frå hytter. Doen på Kulehytta (som datt ned i vinter), var plassert om 70-80 meter frå hytta. Den doen vart sett opp for nesten 100 år sidan, då omsynet til lukt og hygiene nok var mykje mindre.

Vidare er det u-aktuelt å plassere doen nær Langvassbu, sidan denne hytta ligg heilt i vasskanten og doen er tenkt bygd utan tett tank. Fjellstyret vil heller ikkje ha doen heilt inntil vegen av si hytte.

Eit tredje omsyn som er viktig er, at doen er plassert slik at forbipasserande «tør» å bruke den. Det «tør» ikkje folk- viss doen er integrert i bygningskroppen til ei hytte. Då blir doen

opplevd som privat. Det betyr berre at ei viktig brukargruppe vil fortsette å gjere frå seg i lyngen.

Konklusjon: Doen bør plasserast som eit eige bygg, ved sandryggen, nokre meter frå Fjellstyrehytta.

3. Utforming av do

Søknaden legg til grunn at doen skal prefabrikkerast etter ein utprøvd modell, sjå bilete. Bygget viser saltak som er tradisjonen i området, inklusive dei to hyttene ved Langvatnet. I ein «byggvegleiar» som vart utforma og vedteken for kommunane Norddal, Stranda og Stordal på 1990-talet, er det aldri snakk om noko anna enn saltak på frittstående bygg. Skråtak er kunn eit alternativ ved tilbygg i gavl-enden på saltak bygg.

Den modellen vi har valt, er og nesten identiske med den som Grytten fjellstyre har sett opp fleire stader i nærområdet, og som vi har fått oversendt bilde av.

Konklusjon: Doen bør utformast med saltak og etter den modellen som følg søknaden.

4. Storleik på do

Storleiken på modellen vi har lagt til grunn er litt over 3 kvm. Det kan vi redusere med inntil ein 1/3 - viss det er viktig for styret. Men det bør vere nok plass til at 2 menneske, 1 vaksen og 1 barn, kan kome inn samtidig og lukke døra.

Konklusjon: Golv arealet til doen bør ligge på min. 2,0-2,5 kvm.

Med vising til ovannemnte presiseringar, ber eg på vegne av tiltakshavarane, om ei velvillig handsaming av søknaden som tek omsyn til vårt syn

Ny do ved Langvatnet i Norddal statsalmenning – Reinheimen.

Viser tidlegare korrespondanse mellom Langfjellet hyttelag og Norddal fjellstyre angående plassering/bygging av felles utedo ved Langvatnet i Reinheimen. Norddal fjellstyre meiner at det er uheldig at utedoen blir plassert inntil ei av hyttene. Dersom den blir plassert vegg i vegg med ei av hyttene, kan den lett bli oppfatta som ein privat do, og enkelte kan vegre seg for å bruke den. Dette er ein do som kan brukast for alle som ferdast i fjellet. Norddal fjellstyre meiner at den må plasserast som eit frittstående bygg.

Valldal den 02.05.2026

Norddal fjellstyre

Ove-V. Setboskar

Leiar

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde - ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald - ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord - ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor

variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi - ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar - ta vare på vassdragsnaturen i området - verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3.

a) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.

b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan er vernereglane for bygningar og byggetiltak mm. utdjupa, jf. retningslinjer, pkt. 4.3.2, frå s. 38:

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b og c.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- Materialval
- Byggjeteknikk
- Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og tilpassast landskapet. Nye bygg § 3, pkt 1.1, Nye bygg tillatast ikkje oppført.

Det er ikkje nokon utedo ved desse hyttane frå før, så dette vil reknast som eit nybygg. Oppføring av nye bygg er jf. verneforskrift for Reinheimen, § 3, pkt. 1.1 ikkje tillate. Saka må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48, som unntak frå vernevedtaket.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak.

Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknede tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Det er søkt om løyve til oppføring av utedo i tilknytning til Norddal fjellstyrehytte og hytta til Langfjellet hyttelag ved Langvatnet i Reinheimen nasjonalpark. Det finst ikkje eksisterande utedo på staden, og tiltaket må difor reknast som oppføring av nytt bygg.

Etter verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3 punkt 1.1 er oppføring av nye bygg og anlegg i utgangspunktet forbode. Tiltaket kan berre tillast dersom vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er oppfylte, det vil seie at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet, og at det ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande fjellområde med særprega natur- og landskapsverdiar, samt sikre leveområde for villrein. Omsøkt tiltak er avgrensa i omfang og er lokalisert i direkte tilknytning til eksisterande bygningar. Tiltaket vil difor ikkje medføre inngrep i fullstendig urørt natur da det allereie ligg to hytter der. Vatnet er i tillegg oppdemma og har ein demningkonstruksjon i nærleiken til hyttene.




Foto: Mari Melbø Rødstøl (2025).

Det er tidlegare gitt løyve til oppføring av utedoar fleire stader i Reinheimen nasjonalpark, og i 2015 vart det også gitt løyve til utedo på denne staden men som ikkje vart bygd. Det ligg såleis føre forvaltningspraksis som tilseier at slike tiltak kan tillast der dei er grunnleggjande ut frå bruk og behov, og der utforminga er tilpassa omgjevnadene.

Tiltakshavarane har grunngjeve søknaden med manglande sanitærløysing for eksisterande hytter som vert nytta til overnatting. Manglande tilrettelegging kan føre til uheldige hygieniske forhold og forsøpling av terrenget. Ei utedo vil kunne redusere slike ulemper og bidra til betre brukshøve utan at ferdsla i området vert styrt eller stimulert i vesentleg grad.

Forvaltar tok kontakt med leiar i både fjellstyret og hyttelaget for å få nærare opplysningar om bruken av hyttene, og for å drøfte alternative løysingar, mellom anna om det kunne vere aktuelt å plassere utedoen inntil ein hyttevegg. Etter dialog med forvaltar har tiltakshavarane, representerte ved Langfjellet hyttelag og Norddal fjellstyre, sendt inn ei ny søknad som utdjuar behovet for utedo ved Langvatnet, og legg vekt på at mangel på do har vore ei ulempe heilt sidan hyttene vart etablerte, og at dette bidreg til låg bruk og uheldige sanitære forhold i området.

Den omsøkte plasseringa er valt av omsyn til terreng, stabilitet, lukt og visuell påverknad, og for å sikre at doen opplevast som tilgjengeleg for allmenta. Utedoen er planlagt som eit frittstående bygg i avgrensa storleik, med tradisjonell utforming og materialval i tråd med eksisterande bygg og lokal byggjeskikk. Dette avgrensar tiltaket si påverknad på landskapsbiletet.



Raudt merke syner ynskt plassering av utedo. (Foto: Mari Melbø Rødstøl 2025)

Forvaltar meiner framleis at ei løysing der utedoen blir bygd som ein del av same bygningsmasse som Fjellstyrehytta ville vore den beste løysinga. Dette ville redusere bygningsmasse og talet på frittstående bygg i verneområdet og gje betre stabilitet i utsett vêt.

Erfaringar frå Grytten fjellstyre viser at frittstående utedoar fleire gonger har blitt tekne av sterk vind, sjølv om dei har vore bardunerte. Samstundes har andre fjellstyrer i Reinheimen fått løyve til frittstående utedoar, og omsøkt plassering ved sandryggen vil gi både le for vêt og ein mindre dominerande verknad i landskapsbiletet. På denne bakgrunnen, og med omsyn til presedens og søkjarane sitt klare ønskje, kan forvaltar likevel akseptere ei frittstående utedo på omsøkt stad.

Forvalter er samde med søkjar om at den beste plasseringa for eit frittstående utedo på denne staden er på same høgde og like nordaust for Fjellstyrehytta (sjå bilete over). Når det

gjeld størrelsen på utedoen så synes ikkje forvaltar det skal tas høgde for at 2 stk skal kunne komme inn på eit utedo langt til fjells. Utedoløyyvet som vart gitt til Lesja fjellstyre var på 0,9m X1,03m, noko som bør vere tilstrekkeleg.

Tiltaket er ikkje lokalisert i eit område som er vurdert som særleg viktig for villrein, og kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar og arealbruk vert vurdert som godt, jf. naturmangfaldlova § 8. Tiltaket vert difor ikkje vurdert å innebere vesentleg risiko for verneverdiane, og føre-var-prinsippet i § 9 vert ikkje tillagt avgjerande vekt.

Det vil vere behov for motorisert transport i samband med innfrakt av materialar. Dersom transporten vert gjennomført skånsamt og på tidspunkt som ikkje er sårbare for dyrelivet, vert ikkje dette vurdert å medføre varig eller vesentleg skade på verneverdiane.

Samla sett vert tiltaket vurdert å ha avgrensa omfang og låg konsekvens for natur- og landskapsverdiar i området. Tiltaket vert vurdert å ha avgrensa omfang og vil, under gjevne vilkår, ikkje vere i strid med verneføremålet eller påverke verneverdiane i nemneverdig grad.



Arkivsaksnummer: 2026/2897-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 04.05.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22/2026	11.05.2026

Reinheimen NP - Styggeværskvila - organisert ferdsel - 2026 - utsetting av turposter - Fjellgeita i Skjåk IL

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 1.3, f) og pkt. 5.2 får Fjellgeita i Skjåk IL, dispensasjon til å sette opp 1 turorienteringspost ved Styggeværskvila mellom Aursjoen og Leirungsvatenet i Reinheimen nasjonalpark, som vist på kart i søknaden, og i kartet i saksutgreiinga.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld i barmarksesongen for 2026
- Retningsskilt og turorienteringsposten skal fjernast frå området når fottursesongen er over.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan be om at retningskilt og turorienteringsposten vert fjerna, dersom tiltaket fører til skade for verneføremålet.
- Etter kvar sesong og innan 31.desember, skal Fjellgeita Skjåk IL sende ein stutt rapport til Nasjonalparkstyret for Reinheimen, for å dokumentere aktiviteten og ferdsel til turorienteringsposten.
- Fjellgeita Skjåk IL, skal kvart år ta kontakt med nasjonalparkforvaltaren for å avklare plassering av årets turorienteringspost.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Fjellgeita Skjåk IL, 26.02.26
- Merknad frå sekretær i Reinheimen-Breheimen villeinutval, 24.04.26

Saksopplysningar

Søknaden

Fjellgeita i Skjåk IL v/Simen Toven søker om dispensasjon til å sette opp retningskilt og tuorienteringsposter ved Styggeværskvila mellom Aursjoen og Leirungsvatnet i Reinheimen nasjonalpark. I søknaden står følgjande:


«Simen Toven søker på vegne av Fjellgeita i Skjåk IL, om tillatelse til å sette opp retningskilt og turorienteringsposter ved Glitterbue, Styggeværskvila, Rundhaug på Bråtååsen og Rundhaug på Skjellflye. Fjellgeita er et turorienteringstilbud for barn, ungdom og voksne i

Skjåk. Dette foregår ved at vi hvert år setter ut 10 stempelposter rundt omkring i kommunen, og deler ut Fjellgeitfolder til alle husstander, i tillegg til at vi også legger ut foldere hos biblioteket og i noen butikker i bygda. Alle som stempler på 4/6 turer (under/over skolealder) får premie. Vår visjon er å få barn, ungdom og voksne ut i naturen, til å bli glad i naturen og til å bli kjent i Skjåk.

Postene består av en stolpe med et stempel på og i tillegg vil det bli noen retningskilt strategisk plassert ved startpunkt og stiskiller ved behov, se vedlagte bilder. Alt blir fjernet igjen når sesongen er over etter høstferien. Vår aktivitet skal ikke lage noen permanente inngrep eller merker i naturen.

For turåret 2025 klarte vi å engasjere 95 barn og 49 voksne. Totalt ble det registrert 843 turer. Av disse, så var det kun 19 av disse som ble registrert på postene innenfor nasjonalparkene, som vi fikk tillatelse til å sette ut i fjor. Opplegget er det samme som tidligere år. Fjellgeita har pågått siden 2004 og det er hvert år mange barn og voksne som går disse turene. For mer informasjon om vår aktivitet, se nettsiden <https://skjakil.no/fjellgeita/>, eller vår Facebookside.»

Styggeværskvila i Aursjøfjellet



Kartet viser at plassering av retningskilt vil være på austsida av Aursjøen, utanfor vernegrensa til Ottadalen Ivo, medan Fjellgeitposten skal stå ved Styggeværskvila i Reinheimen NP. Foto under viser eksempel på skilting:



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit eigenarta høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald og ta vare på villreinstammen i Ottadalen nord. Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, § 3 pkt. 1.1, er oppsetting av skilt og merking av stigar forbode i nasjonalparken, med unntak gjeve i § 3 pkt. 1.3.

Forvaltningsmyndet kan jf. verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1,3 bokstav f), gje løyve til mellom anna oppsetting av skilt og merking av stigar i medhald av forvaltningsplanen. Forvaltningsstyresmakta skal også vurdere om organisert ferdsle kan vere skadeleg for naturmiljøet, jf. Verneforskrifta: Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande, jf. verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3 pkt. 5.2.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står det følgjande om oppsetting av skilt: Forvaltningsstyresmakta kan vidare etter søknad gje løyve til merking av stigar og oppsetting av skilt i medhald av forvaltningsplanen (jf. kart nr. 2).

I forvaltningsplanen står følgjande om organisert ferdsel:

«Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 5.2, 5.3.

All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø.

Med direkte heimel i verneforskrifta er det tillate med organisert turverksemd til fots når dette ikkje er til skade for naturmiljøet.

Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor nasjonalparken kjem også inn under organisert ferdsel.

Det er søknadsplikt for anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområde og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate. I dag er ferdsle i området begrensa, slik at organisert ferdsel generelt ikkje er eit trugsmål for naturmiljøet. Organisert ferdsel som ikkje skadar naturmiljøet er derfor ikkje søknadspliktig, men utviklinga må følgjast nøye slik at ferdsle ikkje blir til skade for verneformålet.»

Naturmangfaldlova

I medhald av naturmangfaldlova § 7, skal søknaden vurderast etter prinsipp for offentleg avgjerd, jf. nml §§ 8–12 (kunnskapsgrunnlag og miljørettslege prinsipp).

Presedens


I enkeltsaker som gjeld små tiltak, som denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak

Vurdering

Omsynet til verneverdiane i området er det vurdert, særleg i forhold til landskap og friluftsliv som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar) samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12(kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Tiltaket dreier seg om organisert ferdsel, med merking for turorientering og annonsering lokalt for Fjellgeita under Skjåk IL. Formålet er å leggje til rette for at lokalbefolkning, særleg barefamilier, skal bli motvert til å gå på tur i nærområdet i Skjåk. Høve til friluftsliv er ein tilleggsverdi i nasjonalparken, nedfelt i formålsparagrafen for Reinheimen nasjonalpark, § 2: «*Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.*»

Når nasjonalparkforvaltaren likevel tek opp søknaden til handsaming så er det for å vurdere om tiltaket kan vera skadelidande for naturmiljøet og verneføremålet. Dessutan må nasjonalparkstyret vurdere oppsetting av skilt. Det vert og søkt om å sette opp retningsskilt ved Austsida utanfor Ottadalen lvo men ein turorienteringspost ved turmålet. Fjellgeitposten i 2026 skal plasserast ved Styggeværskvila jf. markering på kartet under:



Ruta startar ved austsida av Aursjoen utanfor Ottadalen lvo, og retningsskiltet her viser veg langs stigen austover mot Leirungsvatnet. Det skal ikkje skiltast før turposten ved turmålet .

Det er god oversikt over biotopar og artsmangfald i området. Tiltaket til Fjellgeita er avgrensa til barmarkssesongen etter 1.juli, og ferdselen vil skje på den minst sårbare perioden til fugle- og dyrelivet. Villreinen kan riktignok trekke inn i dette området tidvis, men rein er ikkje her over tid, og ein unngår kalvingsperioden. Reinheimen-Breheimen villreinutval har på e-post 24.04.26 gjeve positiv merknad til tiltaket:

«Eg har gjeve attendemelding til Fjellgeita om at desse postane er greie. Kunne eventuelt vurdert at den på Styggeværskvila kunne vore nede til jaktstart, men det er strengt talt plass til begge der. Blir jo heller ikkje voldsomt med ferdsel av det.»

Tilretteleggingstiltaket er særleg retta mot barnefamiljar, og vil gje ein forbigåande belastning i verneområdet, utan å gje varig skade på natur og miljø i nasjonalparken.

Kunnskapsgrunnlaget er er godt, jf. nml § 8, og det er ikkje naudsynt å ta i bruk «føre-var prinsippet» § 9 i nml.

I søknaden er det og oppgjeve at det i 2025 ble registrert totalt 843 turar til Fjellgeitpostane i Skjåk, der 19 av desse var innafor Reinheimen og Breheimen. Tiltaket genererar relativt lite ferdsel, og er ikkje skadelidande for naturmiljøet, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 5.2. Den totale belastninga av ferdselen i samband med utsetting av turorienteringspost kan akseptierast, og vilkår kan avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane.